



Fjell kommune

Kommunedelplan

Skule og utdanning

2011-14

Kvalitetsmedviten

Endringsdyktig

Lærande

Innhald

Mandat, ambisjonar og planprosess.....	6
Kap 1 Bakgrunn.....	7
1.1 Lovgrunnlag og føresetnader	7
1.1.1 Føremålet med, og retten til opplæring.....	7
1.1.2 Fysiske, psykiske og organisatoriske tilhøve.....	8
1.1.3 Skuleskyss og reisetid.....	8
1.1.4 Skulefritidsordning (SFO)	9
1.2 Ansvar og roller	9
1.2.1 Skuleeigar	9
1.2.2 Pedagogisk Psykologisk Teneste (PPT)	9
1.2.3 Skuleleiinga.....	9
1.2.4 Lærarane	10
1.2.5 Assistentar / andre tilsette i skule og SFO.....	10
1.2.6 Elevane.....	10
1.2.7 Føresette.....	10
1.2.8 Styrings- og samarbeidsorgan.....	11
1.3 Skulebruksplanen 2000 – 2003.....	11
Kap 2 Skulen i Fjell – Status og mål	12
2.1 Hovudmål for skulen i Fjell.....	12
2.2 Sentrale innsatsområde hos Skulesjefen.....	12
2.3 Lokalpolitiske føringar - Tiltredingserklæringa.....	13
2.4 Ressursbruk i skulen i Fjell.....	13
2.5 Undervisningskostnader etter skulestorleik.....	14
Kap 3 Kvalitet og innhald i skulen	15
3.1 Innleiing.....	15
3.2 Statlege føringar.....	15
3.2.1 Kunnskapsløftet 2006.....	15
3.2.2. St.meld. 16: ”...og ingen stod igjen ”.....	16
3.2.3 St.meld.31 (2007/2008), Kvalitet i skulen.....	16
3.2.4 NOU 2009:18 Rett til læring.....	17
3.2.5 Eit felles løft for realfaga – strategi for styrking av realfaga.....	17
3.2.6 Elevvurdering.....	17
3.3 Kva seier forskinga?.....	18
3.4. Undersøking av kvalitet i skulen i Fjell ⁴	19
3.5 Skulen i Fjell sine svar på statlege føringar og kvalitetsundersøkinga	21
3.5.1 Elevvurdering.....	21
3.5.2 Klasseleiing.....	21
3.5.3 Lesesatsing.....	22
3.5.4 Realfagssatsing.....	23
3.5.5 Arbeidslivsfag	23
3.5.6 Praksisnær undervisning.....	24
3.5.7 Tilpassa opplæring og spesialundervisning.....	24
3.5.8 Alternative læringsarenaer.....	25
3.5.9 Arbeid mot mobbing.....	26

3.6	IKT i skulen	26
3.7	Kompetanseutvikling og ekstern skulevurdering.....	28
3.8	Støttetiltak og tverrfagleg samarbeid om tidleg satsing	29
Kap 4	Livsløpsskulen.....	31
4.1	Innleiing.....	31
4.2	Overgangane	31
4.2.1	Overgang barnehage – barneskule	32
4.2.2	Overgang barneskule – ungdomsskule	32
4.2.3	Overgang ungdomsskule – vidaregåande opplæring.....	33
4.3	Utdanning i vaksen alder	34
4.3.1	Fjell vaksenopplæring.....	34
4.3.2	Vidaregåande opplæring for vaksne	35
4.3.3	Studieforbund	36
4.4	Vidaregåande opplæring og Regionale høgskuletilbod.....	36
4.4.1	Sotra vidaregåande skule	36
4.4.2	Regionale høgskuletilbod	37
Kap 5	Elevtal, utvikling og prognosar	37
5.1	Folketalsutviklinga i Fjell.....	38
5.2	Elevtalsutvikling etter skuleområde på barnesteget.....	38
5.3	Elevtalsutvikling etter skulestorleik 2000 – 2010.....	39
5.4	Elevtalsutvikling i ungdomsskulen	41
5.5	Framskrivning av elevtal.....	42
5.6	Utvikling i tal førskulebarn og elevar i vidaregåande skule i Fjell.....	43
5.7	Prognose elevtal barneskule fordelt på inntaksområde	44
5.7.1	Framtidige pressområde i Fjell.....	44
5.7.2	Elevtalsprognosar i barneskulen fordelt på inntaksområde	46
5.7.3	Elevtalsprognosar i ungdomsskulen fordelt på inntaksområde.....	48
Kap 6	Andre forhold	48
6.1	Fjell kulturskule	48
6.2	Skulefritidsordning (SFO)	49
6.3	Uteområda ved skulane	50
6.4	Trafikktryggleik – gå til skulen og fysisk aktivitet	50
Kap 7	Mål og tiltak	52
Mål og tiltak knytt til kap 1 - Bakgrunn.....	52	
Mål og tiltak knytt til kap 3 - Kvalitet og innhald i skulen	52	
Mål og tiltak knytt til kap 4 Livsløpsskulen.....	53	
Mål og tiltak knytt til kapittel 6 – Andre forhold	54	
Prioritering av fysiske utbetringar i skulane.....	55	
Vedlegg 1: Utdrag frå Opplæringslova.....	56	
Vedlegg 2: Aktuelle lover og regelverk for skulebygg:.....	63	
Vedlegg 3: Føresetnader for prognosar på elevtal fordelt på barneskular og ungdomsskular. 64		
Fotnotar	66	

Føreord

Skulane i Fjell skal gje elevane eit læringsgrunnlag som dei kan vidareutvikla heile livet. Grunnleggjande kunnskap er ein føresetnad for livslang læring. Alle elevane i Fjell skal difor oppleve meistring og læring tilpassa den einkilde sine behov, og etter sine individuelle føresetnader. Dette er grunnmuren i den norske fellesskulen.

Kunnskap er særskilt viktig. Utdanning kvalifiserer oss til deltaking i samfunnet og i arbeidslivet, og set oss i stand til å meistre eigen kvardag. Det er kunnskap og kompetanse som vil vera Fjell kommune sin eigenkapital i framtida, og det er investeringar i kunnskap som på lang sikt vil sikra pengar i kommunekassa. Difor vil læring og overføring av kunnskap, alltid vera blant kommunen sine viktigaste samfunnsoppgåver.

Dei føregåande skuleplanane har særleg vore opptekne av å sikra skulekapasitet til ein stadig veksande elevmasse. Denne planen markerer først og fremst at auken i elevtalet ikkje vil vera så stor som før, samstundes med at skulekapasiteten er godt utbygd dei seinare åra. Dette betyr at fokuset kan flyttast frå skulekapasitet og skuleutbygging til kvaliteten og innhaldet i skulen. Denne planen fokuserer på dei meir kvalitative og innhaldsmessige sidene i skulen. Dette er ei vanskeleg øving, fordi samfunnsmandatet er omfattande og komplekst, samstundes som kvalitetsomgrepet er sær vanskeleg å definera.

I mandatet er det sagt at planen skal gje ei oversikt over skulebygg og uteområde, og dei behova som må dekkjast i planperioden i høve kvalitetskrav for skulebygg, skulefritidsordning og nærmiljøanlegg. Styringsgruppa har etter grundig debatt valt ikkje å gå inn for ei endring i skulestruktur i denne skule- og utdanningsplanen, men i einkilde område med små skular kan det vera naudsynt med felles administrasjon. Skulestrukturen må vurderast med basis i elevtalsutviklinga. Fokuset kan då i denne planen dreiest mot kvalitetsutbetringar, både i innhald og i fysiske forhold ved skulane som er.

Planen har prognosar for elevtal, som saman med kapasitetstal gjev eit grunnlag for å vurderer om det er behov for ein auke i skulekapasiteten, og om elevgrunnlaget for nokre skular vert truga. Vi vonar at planen kan gjera den politiske prioriteringa og den langsiktige styringa av skulane i Fjell betre.

I planprosessen har det kome fram mange innspel for å betra kvaliteten i skulen i Fjell. Fellesnemnaren for desse innspela peikar på at kommunen må styrkja lærarrolla og klasseleiinga i skulen. Det er i møtet mellom lærar og elev at kunnskap vert utvikla. Difor er skulen og læraren kommunen sine viktigaste reiskapar for læring og utvikling.

Styringsgruppa , oktober 2010

Vidar Arnesen (FRP)

Leiar

Marianne S Bjørøy (Ap) Kirsten Syljeset (H)

Odd Bjarne Skogestad (KrF) Jan Erik Dale (SL)

Mandat, ambisjonar og planprosess

Då komité for drift vedtok oppstart av planarbeidet, vart det lagt opp til ein omfattande plan. Ein vil sjå på heile spekteret av utdanning som kommunen er delaktig i, frå barnehage til høgskulestudiet, med hovudvekt på den kommunale grunnskulen. I denne samanhengen er det òg naturleg at ein legg opp til ei brei politisk drøfting om innhaldet i skulen, samstundes som ein formelt samordnar dei diskusjonane som er etablert på praksisnivået.

Planarbeidet kan på mange område bli eit pionerarbeid når det gjeld samarbeid og korleis skulane i Fjell skal drivast. Det er difor nødvendig med omfattande dialog og medverknad frå alle sentrale partar.

Mandat

1. Skule- og utdanningsplanen skal byggja på dei lover og forskrifter som gjeld for grunnskulen, og dei satsingsområda som ligg i handlingsprogram og tiltredingserklæring. Samarbeid mellom utdanningsinstitusjonar og næringsliv, kvalitet og kapasitet vert viktige stikkord i planarbeidet.
2. Planen skal sikra at skulane i Fjell kommune arbeider etter ein felles plan for kompetanse- og kvalitetsutvikling på tvers av dei einskilde skulane.
3. Fjell kommune har som visjon å bli den mest veldrivne kommunen i landet. Planen skal seia noko om korleis skulane skal arbeida for å koma denne visjonen i møte, og kva kommunen si rolle skal vera i forhold til vidaregåande og høgskulerelatert utdanning.
4. Planen skal gje ei oversikt over skulebygg og uteområde, og dei behov som må dekkjast i planperioden i høve kvalitetskrav for skulebygg, skulefritidsordning og nærmiljøanlegg. Skulestrukturen må vurderast med basis i elevtalsutvikling i dei enkelte krinsane.
5. Styringsgruppa får fullmakt til å setja ned eigne arbeidsutval som kan utgreia fagemne og tema etter behov.
6. Planen skal liggja føre frå styringsgruppa si side seinast oktober 2008.
7. Praksisnær undervising i grunnskulen og høgskulesatsinga innanfor undervassteknologi/ tekniske fag skal vidareførast.

Planprosess

Mandat og organisering av planarbeidet vart vedteke i komité for drift 13.11.2007. Planarbeidet har vore leia av ei tverrpolitisk styringsgruppe i tråd med vedtak for komité for drift. Plan- og utbyggingssjefen ved samfunnsplan har leia det administrative og faglege

arbeidet med planen. Det har vore nedsett ei administrativ arbeidsgruppe som parallelt med planprosessen har arbeidd med ulike faglege spørsmål.

Styringsgruppa har drøfta grundig problemstillingane i planen. Den administrative arbeidsgruppa, som har skulefagleg kompetanse, har kome med nyttige innspel.

Prosessen med å utarbeide skule- og utdanningsplanen har tatt mykje lengre tid enn venta. Særleg har drøftinga av skulestrukturen vore vanskeleg. Dette er grundig drøfta i styringsgruppa, og det vart til slutt semje om ikkje å føreslå og endra den skulestrukturen som er i dag til færre skular. Planen har teke med elevtalsframskrivingar heilt ned på skulenivå, for å kunna vurdera elevgrunnet for skulane. Skuleleiarane har registrert viktige fysiske utbetningsbehov ved skulane, og på grunnlag av dette har styringsgruppa utforma ei prioriteringsliste.

Planprosessen har resultert i ein grundig analyse av kva som er viktig for å utvikle ein kvalitativt god skule i Fjell, med påfølgjande mål og tiltak. Sintef har vore engasjert for å undersøkje kva som er viktig for å gjera skulen betre. Saman med andre analysar og forskning, er undersøkinga nytta som grunnlag for val av mål og tiltak. I Sintefundersøkinga vart både elevar, lærarar, skuleleiarar og føresette spurt om kva som er viktig for god kvalitet i skulen.

Kap 1 Bakgrunn

1.1 Lovgrunnlag og føresetnader

Lov om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova), med tilhøyrande forskrift, dannar grunnlaget for grunn(skule)opplæringa i Noreg. Nedanfor er det gjort ei oppsummering av nokre sentrale punkt. Paragrafar frå opplæringslova som legg direkte føringar for tema i planen, er samla i vedlegg.

1.1.1 Føremålet med, og retten til opplæring

Føremålet med opplæringa (§ 1-1) er å gje elevane høve til å utvikla kunnskap, dugleik og haldningar, og å gje høve til å utfalda skaparglede, engasjement og utforskartrøng.

Opplæringa skal byggja på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, og gje innsikt i m.a. historie, kultur (nasjonalt og internasjonalt) og kulturelt mangfald, fremja demokrati og likestilling, kritisk tenking, og etisk og miljøbevisst handling.

Opplæringslova slår fast at barn og unge (frå 6 år og oppover) har plikt til grunnskuleopplæring, og rett til ei offentleg grunnskuleopplæring (§2-1).

Grunnskulen er delt i eit barnetrinn (1-7 årstrinn) og eit ungdomstrinn (8.-10. årstrinn).

Elevar i grunnskulen har rett til å gå på den skulen som ligg nærast, eller i nærmiljøet elevane soknar til. Kommunen kan gje forskrifter om kva skule dei ulike områda i kommunen skal sokna til. Etter søknad kan eleven takast inn på ein annan skule enn den eleven soknar til (§ 8-1).

Elevane skal delast i klassar eller basisgrupper, som skal ha ein eller fleire lærarar (kontaktlærarar) med særleg ansvar for dei praktiske, administrative og sosialpedagogiske gjeremåla som gjeld elevane i klassen eller basisgruppa, m.a. kontakten med heimen (§8-2).

Klassen eller basisgruppene må ikkje vera større enn det som er pedagogisk og tryggleiksmessig forsvarleg. Punktet gjer at ein ikkje har absolutte krav til kor mange elevar det kan vera i ein klasse før den må delast. Tidlegare reglar for maksimalt elevtal i klassen, ligg framleis til grunn for ressurstildelinga til skulen. Dette er såleis ikkje eit høve til å spare pengar ved å ha fleire elevar i kvar klasse, men å opne for ei meir fleksibel organisering av undervisinga.

1.1.2 Fysiske, psykiske og organisatoriske tilhøve

Opplæringslova gjev føringar for dei fysiske, psykiske og organisatoriske tilhøva ved skulane (kap 9 og 9a). Mellom anna vert det slått fast at kommunen skal sørgje for tenlege grunnskular, og at det til vanleg ikkje bør skipast grunnskular med meir enn 450 elevar (§ 9-5).

Opplæringslova set krav om at kvar skule skal ha ei forsvarleg fagleg, pedagogisk og administrativ leiing, og at opplæringa i skulen skal leiast av rektorar (§ 9-1). Pedagogisk kompetanse og leiareigenskapar vert trekt fram som kvalifikasjonskrav til rektor. Det er ikkje lenger krav om eigen rektor på kvar skule (endra 1. januar 2004).

I 2003 vart det gjort ei endring i opplæringslova som gjev alle elevar rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivnad og læring (§ 9a-1). Endringa gjeld både for nye og gamle skular. Skulane skal planleggjast, byggjast, leggjast til rette og drivast etter desse krava, slik at det fysiske miljøet i skulen er i samsvar med dei faglege normene som fagmyndigheitene til ei kvar tid anbefaler (§ 9a-2 og § 9a-3).

1.1.3 Skuleskyss og reisetid

For å få fri skuleskyss må ein ha minst 2 km. skuleveg (1. klasse), eller 4 km. skuleveg (2.-10. klasse). Skuleelevar med særleg farleg eller vanskeleg skuleveg har rett til skyss (§ 7-1).

1.1.4 Skulefritidsordning (SFO)

Opplæringslova set krav om at kommunane skal ha eit tilbod om skulefritidsordning før og etter skuletid for 1.-4. årstrinn, og for barn med særskilte behov på 1.-7. årstrinn (§13-7). Kommunen kan nytta andre til å oppfylle plikta til tilbod om skulefritidsordning.

1.2 Ansvar og roller

1.2.1 Skuleeigar

Skuleeigar (her, kommunen) sitt ansvar er sterkt poengtert i dei nasjonale styringsdokumenta. Kommunen har ansvaret for at krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylte, og stilla til disposisjon dei ressursane som er nødvendige for at krava skal kunna bli oppfylte. Vidare skal kommunen ha eit system for vurdering av om krava vert oppfylte, og system for å følgja opp resultatane frå lokale og nasjonale vurderingar (§ 13-10).

Skuleeigar har ansvar for kvalitetsutviklinga i skulane, og legg føringar for felles mål og tiltak for skulane. Vidare har skuleeigar ansvar for kompetanseheving og for å halda kontakt med, og følgja opp skulane. Skuleeigar skal òg og sjå til at skulane tek vare på, og fremjar samarbeid mellom elevar, foreldre, lærarar, andre tilsette og leiinga.

1.2.2 Pedagogisk Psykologisk Teneste (PPT)

PPT skal bidra til at barn og unge med særskilte behov får oppfylt retten til likeverdig opplæring, det vil seia særskilt tilrettelagde tiltak i skulen. PPT skal også bidra til organisasjonsutvikling og kompetanseheving i skulen, slik at barn og unge med særskilte behov skal kunna oppleve tilhøyrse i eit inkluderande miljø. Dette kan gjerast ved direkte rettleiing til skulen sitt personale med utgangspunkt i einsskildelevar sine behov, og/eller i grupper, nettverksarbeid, kursverksemd og prosjektoppfølgjing innanfor prioriterte område eller tema. PPT har også ansvar for sakkyndig vurdering knytt til vaksne med trong for spesialundervising på grunnskuleområdet.

1.2.3 Skuleleiinga

Skuleleiinga har ansvar for prioritering og framdrift i utviklingsarbeidet på skulen. Fordeling av timeressursane, tilrettelegging av fysisk miljø ute og inne, tilgjengeleg materiell og organisering av team-samarbeid, er døme på område leiinga har ansvar for. Leiinga skal syta for kompetanseheving av personalet, synleggjera skulen sitt elev- og læringssyn og sjå til at personalet jobbar i tråd med dette. Å leggja til rette for eit samarbeid mellom alle aktørar som er knytt til skulen, er òg ei viktig oppgåve, i tillegg til å leggja føringar for samarbeidet med heimane.

1.2.4 Lærarane

Lærarane har ansvar for å leggja til rette for eit godt læringsmiljø for elevane. Det skal vera rom for fleksibilitet og tilpassing for den einskilde eleven. Lærarane skal vera både kunnskapsformidlarar og rettleiarar. Dei har også ansvar for å kartleggja og vurdera eleven sine føresetnader og læringsresultat. Det er nødvendig med variasjon i arbeidsmetodane, og lærarane skal gje rom for medverknad både frå elevane og foreldra. For å gje best mogleg tilbod til den einskilde eleven, og for å kunna ta eit felles ansvar for alle elevane på skulen, er det viktig med eit nært samarbeid med andre lærarar og andre tilsette. Lærarane må halda seg fagleg oppdaterte, og den einskilde skulen må sjølv utvikla ein kultur for kontinuerleg læring, der alle tek ansvar for, og kjenner seg forplikta til, å realisera felles mål.

1.2.5 Assistentar/andre tilsette i skule og SFO

Assistentar/fagarbeidarar i skulen hjelper lærarane med gjennomføringa av einskildelevar sitt læringsarbeid. Gode relasjonar og respekt for behova til den einskilde, er sentralt her. Det er viktig at assistentar og andre tilsette, både i skulen og i SFO, samarbeider med alt personalet ved skulen om å gje gode oppvekst- og utviklingsvilkår for det einskilde barnet. Leiar og tilsette i SFO skal leggja til rette for tilbod som skapar eit trygt miljø. Leiar i SFO har ansvar for å informera foreldra/føresette om tilbodet i SFO, og må leggja til rette for ein open dialog med heimen.

1.2.6 Elevane

For at elevane skal vera aktive i eigen læringsprosess, må dei ha høve til å medverka i utviklinga av eit godt læringsmiljø. Saman med lærarar og føresette må dei involverast for å få til eit godt klassemiljø, slik at klassen blir eit aktivt og trygt fellesskap. Elevane skal i aukande grad ha medansvar for planlegging, gjennomføring og vurdering av eige arbeid.

”Elevundersøkelsen” er eit nettbasert kartleggingsverktøy der elevane gjev tilbakemelding på trivsel og læringsmiljø på skulen. Verktøyet skal bli nytta som eit ledd i vurderings- og utviklingsarbeidet på skulen, og resultatata skal gje skulen høve til å ta fatt i område som ikkje ser ut til å fungere godt nok. Samtidig vil det gje positiv tilbakemelding på det elevane er godt nøgde med.

1.2.7 Føresette

Dei føresette har etter opplæringslova eit hovudansvar for opplæringa av barna sine. Det er skulen si oppgåve å hjelpa dei med dette. Dei føresette har ansvar for å ta kontakt med skulen for å sikra trivsel og gode læringstilhøve for barna. Dei føresette har høve til å nytta dei informasjons- og kommunikasjonskanalar som skulen har lagt til rette for. Dei har høve til å nytta seg av klassekontaktar, og til å fremja saker gjennom FAU når det er ønskjeleg. For å gje eit godt tilbod til alle, er det viktig at dei føresette støttar opp om skulen sitt arbeid. Dei skal òg ha høve til å vera aktivt med i skulen si utvikling. Slik medverknad er avhengig av at skulen tek initiativ og legg til rette for eit godt og konstruktivt samarbeid med heimen.

1.2.8 Styrings- og samarbeidsorgan

Opplæringslova definerer klart kva styrings- og samarbeidsorgan ein skal ha ved grunnskulane og kven som skal vera representert i dei ulike organa. Føremålet er å sikre samarbeid og brukarmedverknad både for dei tilsette, elevane og føresette. Viktige styrings- og samarbeidsorgan er samarbeidsutval, skulemiljøutval, elevråd og foreldreråd. Alle grunnskulane i Fjell har desse organa. Foreldreråd består av alle foreldre med barn ved skulen. Foreldrerådet vel eit foreldretutval, som igjen vel to representantar til samarbeidsutvalet ved skulen. Fjell kommune har også eit kommunalt foreldretutval sett saman av foreldrerådsrepresentantar for barne- og ungdomsskulane i Fjell kommune. På nasjonalt nivå har ein Foreldretutvalet for grunnopplæringa, samansett av fem medlemmer oppnemnt av Kongen. På nettsida deira (www.fug.no) finn ein nyttig informasjon og brosjyrar for alle foreldre. Tilbod om kompetanseheving, t.d. innan samhandling og demokratiforståing, vil vera nyttige grep for å styrkja rolla til desse organa.

1.3 Skulebruksplanen 2000 – 2003

Skulebruksplanen skildra og drøfta kapasitetssituasjonen for skulane i Fjell, og utarbeidde elev- og klassetalsprognosar som grunnlag for framtidige val og utbyggingstiltak. Planen vart vedteken i kommunestyret den 02. mars 2000 – KS sak 19/00, med slike utbyggingstiltak:

1. Ny 1-7 skule i Tona- / Valenområdet.
2. Utviding og ombygging av Fjell ungdomsskule.
3. Utviding av Kolltveit skule.
4. Innreieing av to klasserom i nyeskulen på Knappskog, og ny minihall delfinansiert av spelemidlar. Vidare utbygging av nyeskulen seinare.
5. Ny 1-4 skule på Ågotnes, 8 klassar. Andre byggjestege, 5-7 skule seinare. Ågotnes skule som rein ungdomsskule.
6. Utbygging av Ulveset skule.
7. Algrøy skule; gymsal/allaktivitetshus.

Sjølv om skulebruksplanen skisserte ei tidsramme frå 2000 til 2003, har det vore jobba med iverksetjing av planen heilt fram til 2010. Med opninga av Tranevågen ungdomsskule på Ågotnes hausten 2010, har kommunen gjennomført heile utbyggingsprogrammet. Fleire av tiltaka har òg blitt utvida med tanke på storleik og investering. Prislappen for skuleutbygginga er på over 300 millionar kroner:

Liljevatnet skule	69.4 mill
Knappskog skule m fleirbrukshall	70.0 mill
Ågotnes ungdomsskule/Tranevågen	134.0 mill
Kolltveit skule	20.0 mill

Fjell ungdomsskule	20.0 mill
Algrøy skule	10-12 mill
Bjørøy skule (grendahusfunksjonar)	6.0 mill

I tillegg har det vore avsett store investeringsmidlar knytt til kvalitetsforbetring av skuleanlegga. Frå 2004 til 2008 vart det nytta 17,5 mill. kroner til føremålet.

Samstundes med at ein har realisert Skulebruksplanen 2000-2003, har planfokuset flytta seg i retning kvalitet og kompetanseheving med *Strategisk plan for kvalitetsutvikling i grunnskulen i Fjell kommune 2004-2006* og planen *Kompetanseløftet: Kompetanse for utvikling - Strategisk plan for kvalitet og kompetanse i grunnskulen i Fjell kommune 2005-2008*. Sentrale punkt i dei to planane er skuleleiing, læringsmiljø, pedagogisk bruk av IKT, elevvurdering og kompetanseutvikling innan pedagogikk og basisfag. Fokuset på kvalitet og kompetanse vil halda fram, og klasseleiing, elevvurdering, lesing og realfag vil vera særlege fokusområde.

Kap 2 Skulen i Fjell – Status og mål

2.1 Hovudmål for skulen i Fjell

Hovudmål for skulen i Fjell vert definert slik i Handlingsprogram 2010-2013:

Skulen i Fjell skal vera ein kvalitetsmedviten, endringsdyktig og lærande organisasjon

Delmål for handlingsprogrammet er:

- Tilpassa opplæring, bygd på trivnad og tryggleik, skal prega heile skulen si verksemd.
- Vurdering for læring skal ha fokus i heile skulen si verksemd.
- Det skal satsast på å styrkja den faglege kompetansen, særleg innan lesing, skriving, realfag og praksisnær undervising i heile grunnskulen.

2.2 Sentrale innsatsområde hos Skulesjefen

Gjennom rulleringa av dei årvisse handlingsprogramma har skulen i Fjell satsa på utvalte innsatsfelt. Desse innsats- og fokusområda har oppsummert vore;

- Verksemdplanar på alle skulane.
- Læraren si rolle som klasseleiar.
- Skuleleiing.
- Varierte arbeidsmetodar.
- Ekstern skulevurdering.

- Evaluering av skulane sitt arbeid.
- Styking av realfaga og leseopplæringa.
- Program for skuleutvikling - Praksisnær undervising – Partnerskapsbedrift.
- Tidleg innsats.
- Elevvurdering.

Arbeidsmiljøet (trivnad, fysisk læringsmiljø, mobbing og motivasjon) til elevane i skulen i Fjell, ligg på eller over landssnittet på dei fleste felta. Antimobbeprogram er sett i verk ved alle skulane.

2.3 Lokalpolitiske føringar - Tiltredingserklæringa

Det styrande politiske fleirtalet i Fjell har gjennom tiltredingserklæringa poengtert nokre styringssignalar for fjellskulen:

- Evaluering av arbeidet lærarar utfører og resultatet dei oppnår med elevane, skal nyttast for å styrka kvaliteten ved skulane og synleggjare behovet for auka kompetanse.
- Den einskilde elev bør få ei tilpassa undervising slik Opplæringslova krev.
- Det skal leggjast stor vekt på kompetanseutvikling av skuleleiarar og lærarar.
- Leiarkompetanse skal prioriterast ved tilsetjing av skuleleiarar, og i den grad det er mogleg skal personar med leiarerfaring frå t.d. næringslivet kunna tevla om skuleleiarstillingane ved dei større skulane.
- Skulebruksplanen skal straks takast opp til revisjon og rullerast fortløpande.
- Det skal gjennomførast forsøk med rektor/foreldrestyrte skular.
- Det skal vidareførast ein desentralisert skulestruktur som opprettheld nærleik til bygdene.
- Skulebygga skal inngå i eit prioritert vedlikehaldsprogram.
- PP-tenesta skal styrkjast.
- Utdanningstilbodet på vidaregåande skular og høgskulenivå retta inn mot næringslivet i regionen, skal byggjast ut.
- Praksisnær undervising i grunnskulen og høgskulesatsinga innanfor undervass- teknologi/tekniske fag skal vidareførast.

2.4 Ressursbruk i skulen i Fjell

Eininga til skulesjefen er den største avdelinga i kommunen. I 2009 arbeidde 560 medarbeidarar fordelt på 454 årsverk i avdelinga. Tenesta omfattar 15 barneskular, (1.-7. trinn) eit oppvekststun (barnehage og barneskule), to ungdomsskular (8.-10. trinn), SFO ved alle barneskulane, kulturskule, vaksenopplæring med spesialundervising, norskopplæring og PPT.

I tillegg vert det gjeve særleg tilrettelagde tilbod ved spesialavdelingane ved Gangstøgarden, Hjelteryggen skule og Fjell ungdomsskule, og i innføringsklassane for nye minoritetspråklege ved Foldnes skule og Tranevågen ungdomsskule.

Rammetimetalet / timeressurs

Ressursane til skulen vert synleggjort som rammetimar, og vist som timeressursar over ei veke. Rammetimetalet synleggjer summen av undervisingstid, kontaktlærartid, administrasjonstid, delingstimar, spesialundervising, osb. Veketimar er summen av undervisingstimar i fjellskulen ei veke. Lærartimar er læraren sine samla ressursar til undervising og administrasjon.

I skuleåret 2010/11 har skulesjefen til rådevelde 5875 veketimar fordelt over 38 veker

Spesialundervising er timar som er tildelt elevane etter søknad og sakkunnig vurdering.

Delingstimar er timar til tilpassa undervising og gruppedeling, og er nødvendige i visse fag (t.d. heimkunnskap, forming og kroppssøving) for å støtta krav til tryggleik og tilpassa undervisinga til tilgjengeleg skuleareal og utstyr.

I skuleåret 2010/11 driv kommunen 190 klassar, og det er talet på klassar som er avgjerande for timeressursane og kostnadane i rammetimetalet. I snitt kostar ein klasse i Fjell 1.4 mill. kroner, utrekna frå bruttotalet i 2009-budsjettet. Økonomisk vil det difor vera føremålstenleg å sikra så fulle klassar som mogeleg for å utnytta ledig kapasitet innanfor eksisterande rammetimetal.

I Fjell kommune er klassesdelingstalet 28 elevar på barnesteget og 30 elevar på ungdomssteget. Dersom klassane er større enn 18 elevar på første årstrinn, vert det sett inn to lærarar. Språkdeling er ein lovfesta rett i opplæringslova og utgjer 101,6 veketimar eller åtte klassar i skuleåret 2010/11.


Løn er den største kostnadsposten i skuleavdelinga. Lønsauke gjev difor store utslag i kommunen og skulesjefen sitt budsjett.

2.5 Undervisningskostnader etter skulestorleik

Figuren syner gjennomsnittleg kostnad per elev for alle skulane i Fjell basert på rekneskapstal for 2009, oppdelt etter skulestorleikar i fire grupper. I talgrunnlaget ligg lønnskostnader, inkludert fast løn, vikarløn, pensjon (SPK), AFP premie (avtalefesta pensjon), forsikringar, arbeidsgjevaravgift, refusjon sjukeløn og fødselspengar.

Figuren viser at det er drifta i dei minste einingane (0-50), som har den høgaste kostnaden per elev. Det er stor skilnad i snittkostnaden mellom den minste eininga (0-50) og den nest minste eininga (51-150). Her er forskjellen i gjennomsnittleg elevkostnad på 31 938 kroner per elev.

Vidare er forskjellen i gjennomsnittleg undervisningskostnad på einingar mellom 51-150 elevar og einingar med 151-300 elevar på 10 399 kroner.



Kap 3 Kvalitet og innhald i skulen

3.1 Innleiing

Elevane i den norske fellesskulen skal få dei same tilboda til læring, uavhengig av skulelokalisering. Vidare skal elevar med eit vanskelegare utgangspunkt få kompensert dette gjennom auka innsats og merksemd. Dette er hovudmålet for den norske fellesskulen. Samstundes er det sentralt at elevane vert sikra ei kvalitativ opplæring som samsvarar med elevane og samfunnet sine behov for utdanna arbeidskraft. Grunnskuleopplæringa skal sikre livslang læring, utjamne sosiale forskjellar og leggja grunnlaget for høgare utdanning.

Kvalitet er sett saman av mange innsatsfaktorar, som alle fungerer innanfor eit subjektivt og skiftande verdisett. All kvalitet let seg ikkje måle. Denne planen fokuserer på særskilte og utvalte strategiar som kan sikra ein god kvalitativ skulevardag for elevane, lærarane og føresette i Fjell. Mykje tyder på at læringsutbyttet er knytt til ei rekkje faktorar innanfor fysiske rammer, organisering og menneskelege ressursar ved kvar skule.

3.2 Statlege føringar

3.2.1 Kunnskapsløftet 2006

Innføringa av Kunnskapsløftet (LK06) bidrog til at skulen fekk tydelege mål for elevane sin kunnskap og kompetanse. Medan læreplanen frå 1997 hadde fokus på læringsaktivitetar og

kva stoff som skulle bli gjennomgått, har L06 fokus på resultat, med andre ord på kompetansemåla som elevane skal oppnå.

Reforma starta i august 2006 og omfatta frå hausten 2007 elevane på 1.-10. steget i grunnskulen og på første og andre steget i vidaregåande opplæring. Målet for Kunnskapsløftet er at alle elevar skal utvikla grunnleggjande ferdigheiter og kompetanse, for å kunna ta aktivt del i kunnskapssamfunnet. Norsk skule er ein inkluderande skule der det skal vera plass for alle. Alle skal få same høve til å utvikla evnene sine. Kunnskapsløftet skal bidra til å sikra tilpassa opplæring for alle elevar og leggja auka vekt på læring.

Dette er dei viktigaste endringane i norsk skule som følgje av Kunnskapsløftet:

- Grunnleggjande ferdigheiter vert styrkte (lesa, skriva, rekna, munnleg framstillingsevne og bruk av digitale verktøy).
- Lese- og skriveopplæring vert vektlagt frå første årssteg.
- Nye læreplanar i alle fag, og gjennomgåande læreplanar for grunnskule og vidaregåande opplæring i nokre fag.
- Tydelege mål for kompetansen til elevane og lærlingane.
- Ny fag- og timefordeling.
- Ny tilbudsstruktur i vidaregåande opplæring.
- Lokal valfridom når det gjeld arbeidsformer, læremateriell og organisering av opplæringa.

3.2.2. St.meld. 16: ”...og ingen stod igjen ”

Meldinga fokuserer på at læring skjer heile livet, på alle arenaer og i alle situasjonar. Ifølgje meldinga går altfor mange barn og unge ut av grunnskulen med utilstrekkeleg kompetanse. Forskjellar i læring følgjer sosiale mønstre, og potensialet for læring må bli realisert i kvart enkelt individ.

Det er ikkje noko mål i meldinga at alle skal nå dei same måla, og at alle skal inn i høgare utdanning, men alle skal få eit solid grunnlag for livslang læring. Det er også eit mål at utdanningssystemet tidlegast mogleg skal hjelpa, stimulera, rettleia og motivera den einskilde til å strekkja seg lengst mogleg for å realisera læringspotensialet sitt, uavhengig av bakgrunn. Stortingsmeldinga gjev retning på den innsatsen som må gjerast for at vi skal utvikla eit sosialt utjamnande utdannings- og kompetansesystem til beste for den einskilde, og for samfunnet.

3.2.3 St.meld.31 (2007/2008), Kvalitet i skulen

Meldinga skildrar gode kvalitetar i norsk skule (trivnad, lik tilgang til opplæring, forståing for demokratiske prosessar, kreativitet og sjølvstende), men peikar også ut bekymringar for kvaliteten i grunnskuleopplæringa.

Kvalitet i grunnopplæringa vert kjenneteikna av at dei ulike måla for grunnopplæringa (kunnskapar, haldningar og verdiar som gjer barn og unge i stand til å meistra eige liv, og

delta i arbeids- og samfunnslivet) og grunnleggjande ferdigheiter i læreplanen faktisk vert nådd.

Regjeringa sine tiltak for å betra elevane sitt utbyte av opplæringa:

- Arbeid med tiltak må byggja på forskingsbasert kunnskap om kva som verkar.
- Tidleg innsats (tidleg kartlegging og oppfølging).
- Ny og heilskapleg skuledag (utvida timetal i fag, fysisk aktivitet og måltider).
- Sikra godt læringsmiljø (systematisk arbeid mot bråk/uro og mobbing. Læringsfokus.).
- Kvalitetsutviklingssystem/elevvurdering.
- Kompetanseutvikling (lærarar og leiing).
- Foreldreinvolvering.
- Lokal kvalitetsvurdering/årleg tilstandsrapport.
- Rettleiing til skular og skuleeigarar med særlege utfordringar.

3.2.4 NOU 2009:18 Rett til læring

Midtlyngutvalet vart nedsett sommaren 2007, og la i juni 2009 fram si innstilling, NOU 2009:18 *Rett til læring*. NOU'en tilrår til saman 60 tiltak, m.a. tettare oppfølging av elevar med særlege behov, og av skulane, meir fleksible opplæringsløp i vidaregåande opplæring og i overgangen til vidaregåande, tverrfagleg og tverretatleg samarbeid der ein mellom anna tilrår at individuell plan vert forankra også i opplæringsloven. Utvalet tilrår ulike kompetansehevingstiltak for personalet i skular og barnehagar, og i PPT. Utvalet drøftar spesialundervisinga, og tilrår m.a. eit nytt omgrep; *rett til ekstra tilrettelegging i opplæringa*. Det vert også tilrådd tiltak for å få PP-tenesta og Statped tettare på brukarane.

3.2.5 Eit felles løft for realfaga – strategi for styrking av realfaga

I strategiplanen *Et felles løft for realfagene, strategi for styrking realfagene 2006-2009*, og i etterfølgjande tiltaksplanar, legg regjeringa ein strategi for effektiv og målretta handling for å styrkje realfaga i skulen. I strategien og tiltaksplanane vert omgrepet realfag brukt om matematikk, naturfaga (biologi, fysikk, kjemi og geofag) og teknologi.

Strategien peiker på at for å lukkast med satsinga på å gje samfunnet naudsynt realfagleg kompetanse, er det to hovudutfordringar ein må gripe fatt i. Rekrutteringa til mange studium med teknologisk og naturvitskapeleg innretting er for låg, og prestasjonane til norske elevar i realfag er for svake.

3.2.6 Elevvurdering

Kunnskapsdepartementet har fastsett at nye forskrifter til opplæringslova og privatskulelova om individuell vurdering i grunnopplæringa trer i kraft 1. august 2009. Dei viktigaste endringane som gjeld i grunnskulen i den nye forskrifta, er at det er innført:

- Eit felles kapittel om vurdering for grunnskulen og vidaregåande opplæring.

- Tydelege krav til vurdering undervegs som har læring som mål, der ein også har fokus på vidare utvikling og oppfølging.
- Halvårsvurdering i heile grunnopplæringa for å styrkja det systematiske vurderingsarbeidet. På 1.-7.trinn kan dette mellom anna vera eit viktig verktøy for tidleg innsats.
- Tydelege krav til eleven sin medverknad i vurderingsarbeidet i skulen.
- Planmessig samtale med eleven minst kvart halvår, også i grunnskulen.

I den nye forskrifta er det understreka at eleven skal kjenna til måla for opplæringa, og kva som blir lagt vekt på i vurderinga av kompetansen hans/hennar. Vurderingskriteria skal samsvara med læringsmåla. Elevane vert vurderte etter fastsette læringsmål for kvart fag og kvart trinn etter kompetansemåla i læreplanen.

Ein gong kvart halvår har eleven rett til ein planlagt og strukturert samtale med kontaktlærer om eiga utvikling i høve til kompetansemåla i faga (jf. § 3-11). I samtalen vert det lagt vekt på eleven si eiga vurdering og læraren si vurdering av eleven sine prestasjonar.

To gonger i året skal foreldra eller dei føresette ha tilbod om samtale om eleven si faglege og sosiale utvikling på skulen. Hovudmålet med samtalen er å syne kompetansen til eleven sett i forhold til kompetansemåla i læreplanen. Samtalen skal vidare nyttast til å leggja til rette for eit godt samarbeid om eleven si vidare læring og faglege utvikling.

I tillegg til ei generell vurdering av status for fagleg utvikling, får eleven ei vurdering i orden og åtfærd.

3.3 Kva seier forskinga?

Nyare forskning er svært samstemt når det gjeld kva effekt ulike faktorar har på læringsutbyttet til elevane. John Hattie, professor i pedagogikk frå universitetet i Auckland, New Zealand, har gjennomført omfattande forskning på temaet. Men også norske og danske forskingsmiljø har gjort tilvarande studie, med om lag same konklusjonar.¹

Forskinga viser mellom anna at **læraren** er den faktoren som har størst positiv effekt på læringsutbyttet. Læraren må vere tydeleg og ha struktur og gode strategiar i undervisinga, i tillegg til ein positiv og støttande relasjon til eleven. Det er også viktig å gje gode, konstruktive og støttande tilbakemeldingar til eleven, og til dei føresette. Læraren sine faglege kunnskapar vert også vektlagt.

Blant faktorar som har middels effekt på læringsutbyttet finn ein læringsmiljø med sosialt gode relasjonar mellom elevar, og ein elevkultur som støttar læring. Her finn ein også føresette med tydelege og realistiske forventingar og støtte til barna si læring og skulegang.

Blant faktorar som ikkje ser ut å ha nokon positiv effekt på læringsutbyttet, finn ein organisatoriske tiltak, som til dømes storleik på skulen og klassen, nivåddifferensiering og den fysiske utforminga av skulen (opne skular eller klasserom).

Det er også funne nokre faktorar som ser ut til å ha ein hemmande effekt på læringsutbyttet, her vert det særskilt nemnt ”å overlessa lærarane med nye emne dei skal undervisa i”²(Manger 2010).

Det har også blitt forska på hemmande og fremjande faktorar i høve utvikling av ulike vanskar, til dømes åtferdsvanskar. Her kjem autorativ (tydelig og støttande) leiing av klasse eller gruppe ut som den viktigaste faktoren for å fremja positiv utvikling, i tillegg til tett kontakt mellom skule og heim, særleg når heimen har låg utdanning/sosioøkonomisk status. I tillegg har ein funne at lesetrening i første klasse har ein merkbar positiv effekt på reduksjon av aggresjon og antisosial åtferd.³

Ein kan seie at Fjell kommune si satsing på klasseleiing og leseopplæring, er tiltak som byggjer opp under desse funna.

3.4. Undersøking av kvalitet i skulen i Fjell ⁴

Som eit forsøk på å definere kvalitet i norsk skule er det laga fleire utgreiningar om kvalitet og utdanning. I NOU 2002:10 – *Første klasser frå første klasse*, vart kvalitetsomgrepet belyst gjennom å dela inn i **strukturkvalitet**, **prosesskvalitet** og **resultatkvalitet**. Dette vart vidareført i NOU 2003:16 – *I første rekke*.

I desember 2008 gjennomførte Sintef⁵ ei kvalitetsundersøking i Fjell, og har i sin rapport nytta dei same inndelingane og definisjonane av kvalitetsomgrepet som i NOU'ane. Spørsmåla i undersøkinga vart vidare delt inn i skulenivå, leiarnivå, lærarnivå, undervisningsnivå og skule/heim. Sintef fekk til saman over 2000 svar om kva som er viktig for god kvalitet i skulen. Nedanfor er konklusjonane samanfatta, i tråd med samandraget til Sintef-rapporten.

Strukturkvalitet

Strukturkvalitet skildrar skulen sine ytre føresetnader, tilsvarende organisasjon og ressursar forstått i brei forstand. Dette vil seie dei strukturelle føresetnadene som lovverk, planverk og regelverk. Fysiske tilhøve som bygningar og ressursar, lærarane sin formelle kompetanse, personaltettleik og samansetning og storleik på elevgruppene, er også sentrale element i ei slik forståing.

Det ein ser, ut frå undersøkinga i Fjell om strukturkvalitet, er at tilstrekkeleg med spesialrom og grupperom er viktig, det same gjeld lærarar og leiing med god kompetanse og kunnskap om fagfeltet sitt. Vaktmeister er òg ein viktig faktor, noko som alle grupper, både tilsette, føresette og elevar, har lagt vekt på. Elevane er veldig klare på at det er ikkje nok å ha stor plass og nok rom, dei vil også ha det ryddig og fint rundt seg. Reine toalett, utstyr som fungerer, og stolar og pultar tilpassa den einskilde, er nødvendig for ein god strukturkvalitet.

Prosesskvalitet

Prosesskvalitet handlar i stor utstrekning om skulen sine indre aktivitetar, og sjølve arbeidet med opplæringa. Dette kan til dømes vera innhaldet i læringa, metodisk tilnærming, lærarane sin bruk av eigen kompetanse, og moglegheiter til utvikling. Læringsmiljøet, inkludert relasjonar og prosessar i skulen, fokuserer på korleis personalet utfører arbeidet sitt, og kvaliteten på samspelet med barn og unge. Elevane sitt samspel seg imellom, i tillegg til foreldreinvolvering, er sentrale faktorar ved dette kvalitetsområdet.

Dei prosessuelle faktorane i forhold til kvalitet i skulen i Fjell-undersøkinga, gjekk i stor grad ut på det ein kan kalle struktur og organisering, tilpassa opplæring og det psykososiale miljøet på skulen. Ein ser tydeleg at orden og oversikt i skulen er ein viktig kvalitetsindikator. Dette gjeld både på organisasjonsnivå og i undervisningssituasjonar. Det er særleg mange kriterium ein kan knyta til omgrepet tilpassa opplæring, til dømes bruk av alternative læringsarenaer, varierte arbeidsmetodar, veksling mellom teori og praksis og tydelege mål. I forhold til det psykososiale miljøet er både heim, skule og elevane opptekne av ein mobbefri skule prega av tryggleik, respekt, trivnad og toleranse.

Resultatkvalitet

Resultatkvalitet er det ein ønskjer å oppnå med det pedagogiske arbeidet. Læringsutbyttet til elevane i form av kunnskapar, ferdigheiter og haldningar vert rekna som det viktigaste og mest føremålstenlege kriteriet for vurdering av kvalitet. Det vert knytt til måla i læreplanverket, og vert lagt til grunn for eit nasjonalt kvalitetsvurderingssystem.

Ut frå undersøkinga i skulane i Fjell om resultatkvalitet, er systematikk, kartlegging, evaluering og oppfølging klare kjenneteikn på kvalitet. Dette seier både elevar, tilsette og føresette. Det å evaluera krev at ein gjer noko med utfordringane ein møter. Ro er eit omgrep som vert mykje nytta med tanke på resultatkvaliteten. Det må vera ro i læringssituasjonar og ro i klasserommet. Eit godt samarbeid mellom skule og heim, i form av oppfølging av utfordringar og fagleg ståstad, er også sentrale faktorar for godt læringsutbyte

Generelt

Generelle tendensar er blant anna at dei føresette er veldig opptekne av arbeidssituasjonen til lærarane, og viser stor forståing for ein travel og kompleks kvardag. Det viser seg også at lærarane i stor grad set pris på at føresette tek del i skulekvardagen, og at dei er opptekne av eit godt samarbeid med heimen. Elevane hadde mange gode og konstruktive poeng og løysingar på kvalitetsspørsmåla. Generelt var svara på undersøkinga svært løysingsorienterte, både frå tilsette, lærarane og elevane.

Denne undersøkinga viser at det er ei rekkje ulike kvalitetar som er viktige i skulen. Det kjem tydeleg fram frå brukarane at dei strukturelle og prosessuelle sidene har mykje å seie for korleis kvardagen i skulen vert opplevd, og korleis dette i sum verkar inn på kvalitet i resultata. For å skape betre kvalitet i skulen er det viktig å ha desse tankane i hovudet på ein gong. Skulen er kvardagen for borna, og fokus på betre kvalitet i vid forstand, kan ha mykje å seie for dei.

3.5 Skulen i Fjell sine svar på statlege føringar og kvalitetsundersøkinga

3.5.1 Elevvurdering

I den nye opplæringslova er det kome inn krav om at skulen jamleg skal vurderer i kva grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa medverkar til å nå dei mål som er fastsette i den generelle delen av læreplanen, og i dei enkelte fagplanane. Kommunen har eit særskilt ansvar for å laga eit system for vurdering for å sikra at krava i loven og forskriftene blir oppfylte. Desse lovkrava kjem som eit resultat av anbefalingar frå OECD (OECD, 2005: *Equity in education, Thematic review*), og frå leiande norske skuleforskarar (Dale og Wærness, 2003, 2006).

Kommunane Fjell, Øygarden og Sund etablerte i 2007 eit samarbeid om ekstern skulevurdering. I dette samarbeidet er økonomiske og personlege ressursar samla og nytta på tvers av kommunegrensene, for å sikra ei effektiv gjennomføring med høgast mogleg grad av kvalitet. I 2007 blei det òg vedteke å oppretta eit eige vurderingsnettverk i regionen. I forlenginga av arbeidet med skulevurderinga, blei elevvurdering eitt av fokusområda til nettverket, jf. krava i forskriftene til opplæringslova og privatskulelova om individuell vurdering i grunnskuleopplæringa, som tredde i kraft 1. august 2009.

Sentrale spørsmål i elevvurderinga omhandlar korleis lærarane nyttar læringsmål i undervisinga, og korleis måloppnåinga til elevane vert vurdert. På kva måte gjev lærarane konstruktive tilbakemeldingar til elevane, og korleis vert elevane involvert i vurderingsarbeidet. Det er utarbeida eigne kriterium som støttar denne tankemåten, og desse er ytterlegare presisert i teikn på god praksis.

3.5.2 Klasseleiing

”Særskilt skal læraren si rolle som klasseleiar vektleggast. Kompetanseheving i klasseleiing gjennom kurs og nettverk skal vera gjennomført innan skulesstart 2010 i tråd med plan for implementering av klasseleiing” Handlingsprogrammet 2009-2012 Skulesjefen - tiltak 1

Våren 2008 vart det vedteke at klasseleiing skal vera ei målretta satsing for alle skulane i Fjell. Gjennom ein omfattande prosess har skulane, ved leiinga og dei tilsette, sett seg inn i ulike program og metodar. Mellom anna vart *”Forebyggjande innsatser i skulen - ein rapport frå forskergrupper oppnevnt av Utdanningsdirektoratet og Sosial- og helsedirektoratet om problematferd, rusforebyggjande arbeid, læreren som leder og implementeringsstrategier”* lagt til grunn. *Forebyggjande innsatser* = Førebyggjande innsats.

Frå vinteren 2008 og fram til vinteren 2010 har alle barneskulane gjennomført opplæring for heile personalet i TSK (Tydeleg, Støttande og førebudd Klasseleiing). Det er utvikla ein treårig plan der personalet først får to dagar med opplæring, for så å få ekstern og intern oppfølging i utvikling, utprøving og gjennomføring av klasseleiing. TSK er ei lokal vidareutvikling av Assertive Discipline, som er utvikla i USA og England. Psykologar frå

PPT har saman med lærarar frå skular i Fjell, utvikla og gjennomført opplæring og oppfølging.

Kommunen har engasjert SINTEF til å evaluera dette programmet. Tilbakemeldingane frå lærarane er eintydig positive; programmet har ført til at det er meir ro i klassane og lærarar og elevar kan jobba meir målretta med faglege mål.

Skuleåret 2009/2010 vart dei tre ungdomsskulane (Fjell, Ulveset og nye Tranevågen) tekne opp i programmet Respekt, som er utvikla av Senter for atferdsforskning ved Universitetet i Stavanger. Dette er eit av programma som er tilrådd i "Førebyggjande innsatsar i skulen". Programmet har som mål å redusera problemåtferd hos elevar i skulen og stimulera positiv åtferd. Programmet går over 2,5 år og vert drive av Senter for atferdsforskning i samarbeid med skuleleiinga og lokale rettleiarar (ein på kvar skule). Oppstart av Respekt har vore kopla opp mot prosessen kring etableringa av nye Tranevågen ungdomsskule, og personalet på ungdomsskulane har hatt store forventingar til denne satsinga.

3.5.3 Lesesatsing

Lesing er kanskje det viktigaste faget i skulen. Dersom eleven ikkje meistrar lesing, vil det gje vanskar både i skule, arbeidsliv og i fritida. Elevane i Fjell har gjennom fleire år blitt kartlagt årleg i høve utviklinga i lesing, men skulane har til no hatt ulik metodikk i oppfølginga av kartlegginga.

Frå hausten 2010 innfører Fjell kommune SOL (Systematisk Observasjon av Lesing), eit forskingsbasert verktøy som har til mål at elevane skal bli gode lesarar. Verktøyet er utvikla i Gjesdal kommune, i samarbeid med Lesesenteret ved Universitetet i Stavanger.

SOL er eit system/verktøy både for å kartleggja leseutviklinga til elevane og eit program for kompetanseheving for lærarar. Kvar elev skal følgjast i leseutviklinga gjennom alle dei 10 åra på skulen, og gjennom SOL har skulen eit verktøy for tilbakemelding til elevar og føresette.

SOL blir innført ved alle skular frå hausten 2010, og alle elevar frå 1. til 10. trinn blir kartlagt med dette verktøyet. Ut frå resultatet skisserer SOL tiltak som blir sett inn for den einkilde elev. Lesinga og kartlegginga er strukturert i 10 trinn, frå før-alfabetisk lesing til vaksen, litterær lesing, alt etter kvar barnet er i leseutviklinga.

Lærarane som arbeider etter SOL-metoden kartlegg eleven sine lesekjenneteikn på dei ulike trinna, slik at eleven får best mogleg hjelp i den vidare leseutviklinga. SOL består også av eit digitalt kartleggingsverktøy, der eleven si lesing blir systematisk registrert.

Fjell kommune bruker ein god del ressursar på lesesatsing, som til dømes å setje inn ein ekstra lærar ein time kvar dag frå jul i 1. klasse til jul i 2. klasse til lesetrening ved skulane i Fjell. Dette er ei spesiell satsing for Fjell, og er ikkje ei landsomfattande satsing.

3.5.4 Realfagssatsing

Fjell kommune har hatt særskilt fokus på realfag sidan 2006, slik det går fram av Handlingsprogrammet. Eitt av tiltaka har vore eit omfattande samarbeid med Høgskulen i Bergen og Universitetet i Bergen om vidareutdanning av lærarar, der utdanningsinstitusjonane har skreddarsydd eit opplegg for vår region. Til no har 35 lærarar gjennomført vidareutdanning gjennom dette programmet. I tillegg samarbeider kommunen med Vil Vite-senteret i Bergen og Gode Sirklar, som har vore ein motor i arbeidet, gjennom kurs, oppfølging og nettverk for lærarane på dette feltet.

Mange skular har også vald å satsa på realfag gjennom innreiing av såkalla Newtonrom. Dette er spesialrom (verkstader) som er utstyrt slik at elevane kan eksperimentera og få opplevingar og praktiske røynsler med ulike emne innan realfag. Fleire skular har mellom anna finansiert sitt Newtonrom gjennom kvalitetsforbetningsmidlane som Komité for drift har delt ut.

3.5.5 Arbeidslivsfag

Som ein av fem kommunar i landet har Fjell kommune, i samarbeid med Utdanningsdirektoratet og på oppdrag frå Kunnskapsdepartementet, starta opp eit forsøk med eit nytt fag, arbeidslivsfag, på ungdomstrinnet. Forsøket, som vil gå over fire år, starta 1. oktober 2009 med eit tilbod til alle elevar på 8. klassetrinn. Fjell kommune er den einaste kommunen der alle ungdomsskulane er med på prosjektet.

Føremålet med faget er å bidra til å skapa eit ungdomstrinn som tar meir omsyn til variasjon mellom elevane. Forsøksskulane skal ha stor innverknad på innhaldet i faget. Den faglege motivasjon skal styrkjast, samtidig som skulen skal ivareta utviklinga av grunnleggjande ferdigheiter. Faget er eit alternativ til framandspråk og fordjuping i norsk/samisk/engelsk.

Elevane skal jobba praktisk med arbeidsoppgåver henta frå yrkesfaglege utdanningsprogram i vidaregåande opplæring tilpassa ungdomstrinnet. Opplæringa kan gå føre seg i tett samarbeid med lokalt arbeidsliv.

Arbeidslivsfag skal bidra til å byggja opp praktisk kompetanse som er nødvendig for å utvikla produkt og tenester i samfunnet. Faget skal hjelpe elevane til å forstå krav som vert stilt til yrkesutøving og til yrkesutøvarar. Mange elevar ønskjer og har behov for ein meir praktisk skulekvardag, og gjennom dette faget skal ungdom få trening og innsikt i korleis arbeidslivet fungerer.

Ei nasjonal læreplangruppe med representantar frå dei fem kommunane har utvikla forslag til forsøkslæreplan, som vart sendt til Kunnskapsdepartementet og vedteken i mai 2010. Forsøkslæreplanen skal liggja til grunn for undervisinga neste skuleår ved alle dei deltakande skulane. Utdanningsdirektoratet skal følgja opp forsøket undervegs. I god tid før avslutning av forsøket i 2013, vil det bli vurdert om dette skal bli eit obligatorisk fag for alle ungdomsskular.

3.5.6 Praksisnær undervising

Saman med Gode sirkclar starta Fjell, Sund og Øygarden arbeidet med praksisnær undervising i 2006. Arbeidet vart støtta av Utdanningsdirektoratet gjennom ”Program for skuleutvikling”, seinare ”Kunnskapsløftet frå ord til handling”. Måla for praksisnær undervising er å:

- gje elevane praktiske erfaringar for å styrka læringa
- la elevane møta gode rollemodellar som bruker faga dagleg i sitt virke
- auka elevane sitt erfaringsgrunnlag for å styrka deira vidare val
- motivera elevane
- knyta skule og arbeidsliv tettare saman

I praksisnær undervising vert undervisinga i skulen supplert med undervising i verksemd. Samarbeid mellom skule og lokalt næringsliv er den viktigaste innsatsfaktoren. Ein snakkar ikkje lenger om bedriftsbesøk, her får elevane undervising i bedrift, og bedriftene underviser elevane på skulen. Det er kompetansemåla i læreplanen som styrer aktivitetane. Næringslivet i regionen er i stor grad retta mot teknologi, men det kan like gjerne vera norsk eller engelsk som er aktuelle område for praksisnær undervising, som realfaga. Ved å la elevane ta del i gjeremåla i ei verksemd, vert det lettare å forstå den teoretiske opplæringa.

Metoden vert nytta i heile opplæringsløpet, og alle klassar på ungdomssteget i Fjell har inngått ein partnarskapsavtale med ei verksemd. Det er per i dag inngått om lag 50 samarbeidsavtalar med verksemd i regionen. I tillegg har Sotra vidaregåande skule oppretta ei teknologiline, og Høgskulen i Bergen oppretta ei ingeniørutdanning innan undervass-teknologi. Begge nyttar praksisnær undervising som metodikk.

3.5.7 Tilpassa opplæring og spesialundervising

Etter opplæringslova §1.3 skal all opplæring ”*tilpassast evnene og føresetnadene hjå den enkelte eleven...*”. Samtidig vert det i §5.1 slått fast at ”*elevar som ikkje har eller som ikkje kan få tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet, har rett til spesialundervising*”. Skulen har plikt til å undersøkje saka dersom ein er i tvil om eleven har tilfredsstillande utbytte av den ordinære opplæringa. Med samtykke frå føresette, eller etter oppfordring frå føresette, skal PPT koplast inn for å greia ut eleven sine vanskar, og om eleven har eller kan ha tilfredsstillande utbytte av den ordinære opplæringa.

I Fjell, som i resten av landet, har ein sett ei utvikling der ein stadig større del av elevane får spesialundervising etter ei sakkunnig vurdering. PPT har saman med skulesjefen og skuleleiarane jobba med tiltak for at fleire av elevane kan få tilfredsstillande utbytte av den ordinære opplæringa. Mellom anna vil ein del elevar med lese- og skrivevanskar ha behov for intensive og målretta kurs i lesing og skriving, slik at dei i størst mogleg grad kan følgja opplæringa i klassen.

Frå skuleåret 2010/2011 er ein større del av ressursane som vert lagt ut til skulane, basert på faktorar som storleik på klassa, elevtal osv. Ein mindre del av ressursane vert framleis tildelt ut frå vurdering av enkeltelevar, og dette gjeld elevar med svært store og samansette vanskar.

PPT har samtidig jobba med å tydeleggjere kriteria for kva elevar som skal ha spesialundervising. Eit viktig kriterium er at elevane som treng spesialundervising ikkje kan ha dei same opplæringsmåla som dei andre elevane, og difor må ha ein individuell opplæringsplan.

Ein har over fleire år jobba med at kvar skule skal ha kompetanse på kartlegging og tiltak for elevar som strevar, både fagleg og sosialt. Mellom anna samarbeider koordinatorene for spes.ped.tema på kvar skule gjennom eit nettverk som har fungert i fleire år. Samarbeidet mellom dei ordinære skulane og dei spesielle tiltaka som er utvikla i Fjell kommune, er ein del av dette nettverksarbeidet.

Alle dei store prosjekta som skulane i Fjell no jobbar med, vil på ulikt vis bidra i arbeidet med å drive god, tilpassa opplæring, og bidra til at færre elevar får behov for spesialundervising.

3.5.8 Alternative læringsarenaer

Leitet Gard er eit spesialpedagogisk tilbod på Fjell Gard for born med særskilde behov. Tilbodet er primært tilrettelagt for elevar på ungdomssteget og på 5.-7. trinn. Målet med opphaldet på garden er å synleggjere samanhengen mellom teori og praktisk arbeid, og gje elevane sosial trening. Elevane går inn i den daglege drifta på garden.

Leitet Gard gjev elevane eit tilbod ein eller to halve dagar i veka. Gardsopplegget går inn som ein del av den individuelle opplæringsplanen (IOP) til elevane, og skal evaluerast i halvårsrapporten. PPT har ansvar for å tilrå plass på Leitet Gard som ein del av det spesialpedagogiske tilbodet til eleven. Skulen søker til skulesjefen, og foreldra må samtykkja i at eleven får dette tilbodet. Målgruppa vert fortløpande vurdert ut frå behov.

Rover er eit tilbod om å vera om bord på ein fiskebåt ein dag i veka. Dette er eit tilbod for ungdomsskuleelevar med motivasjons-, lære-, og tilpassingsvanskar. Målet er å få koma på ein arena kor dei meistar oppgåvene. Elevane er med og jobbar på båten, som eit fullverdig mannskap. Skulen melder på eleven via skulesjefen, og eleven treng ikkje ha vedtak om spesialundervising. Kvar ungdomsskule i Fjell kommune har nokre plassar, medan andre kommunar også kan kjøpa elevplassar på båten.

Gangstøgarden er eit ressurscenter for ungdomsskuleelevar som ikkje opplever meistring i ordinær skule. Avdelinga har åtte elevplassar. Dette er eit heildagstilbod, fem dagar i veka. Her vert det lagt stor vekt på at elevane skal driva med ting som interesserar dei, i tillegg til undervising i dei ordinære skulefaga. Dei skal gjennomføra både teori og praktisk jobbing, i t.d. elevbedrift. Målet er at alle skal gå ut med ordinært vitnemål. Eit inntaksteam vurderer kven som skal få plass på Gangstøgarden.

Knarrevikgarden er eit tilbod for 5.-7. trinn som er organisert under Gangstøgarden. Dette er eit tilbod til elevar med motivasjons- og tilpassingsvanskar i skulekvardagen. Personalet på Knarrevikgarden driv rettleiing mot lærarar og assistentar, i tillegg til foreldrerettleiing. Dei reiser òg rundt til skulane og driv rettleiing i ART (Aggression replacement training). Elevane kan få undervisinga si på Knarrevik 2 eller 3 dagar i veka i periodar av året. Det vert lagt stor vekt på sosial trening og på å skapa gode relasjonar til elevane, så vel som mellom elevane. Dagen vert delt opp slik at dei både har teori og praktiske aktivitetar.

Kjell Rune Pedersen (Kjellien) driv eit alternativt skuletilbod knytt til Gangstøgarden ressurscenter, med hovudvekt på idrett og fritidsaktivitetar. Elevar får tilbod om ein dag i veka. Dette er eit tilbod til elevar som har motivasjons- og tilpassingsvanskar i skulekvardagen. Målet er å medverka til å hindra barn med åtferdsvanskar å bli rekruttert til belasta miljø. Ein prøver å endra åtferdsmønster i positiv retning, ved å gje dei tilbod om spennande aktivitetar, slik at trivnaden og skulemiljøet vert betre. Eit mål er at elevane kan finna seg ein sunn aktivitet å driva med på fritida. Dei føresette søker om plass etter råd frå skulen for elevar dei meiner kan ha utbytte av tilbodet. Eleven treng ikkje ha vedtak om spesialundervising. I tillegg har ungdomsskulane eigne tilrettelagte tilbod for einskildelevar som treng det. Døme på dette er Kårtveitklubben, Pers gard og tilbod gjennom Noregs Jeger- og Fiskarforbund. Desse tilboda er organiserte og finansierte innan skulane sine budsjett.

3.5.9 Arbeid mot mobbing

Alle elevar har rett på ein trygg skulekvardag, fri for mobbing. I 2005 vart det vedteke at alle skulane i Fjell skal ha eit godkjent program mot mobbing. Skulane skal utarbeida handlingsplanar for å førebyggja og handtera mobbing og uønska elevåtferd.

Dei fleste skulane har vald ZERO, som står for nulltoleranse overfor mobbing. Aktiv involvering og forplikting i heile skulemiljøet står sentralt i Zero-programmet. Tilsette, elevar og foreldre skal bli involvert, slik at alle partar får eit eigarforhold til Zero.

Fem skular har tatt i bruk Olweusprogrammet, som er eit program mot mobbing og antisosial åtferd. Eit overordna mål for programmet er å omstrukturere det sosiale miljøet slik at det vert mindre høve for, og belønning av, mobbeåtferd.

Skulane i Fjell fekk i perioden 2005-2007 støtte til opplæring og implementering??? av eitt av desse programma. I begge programma vert det gjennomført mobbeundersøkingar ein gong kvart skuleår, og alle partar er forplikta til å følgja opp resultata av undersøkinga.

Elevundersøkinga 2010 visar at mobbing på skulane i Fjell går ned, og ligg i 2010 under nasjonale tal både på barnesteget og ungdomsteget.

3.6 IKT i skulen

Fjell kommune har ein IKT-strategi 2010-13, vedteken november 2009. I denne er det ein eigen strategi for å gje barn og unge høgverdig og relevant IKT-kompetanse. Fjell kommune skal nytta IKT til å leggja til rette for nye samarbeids-, lærings- og vurderingsformer nasjonalt og internasjonalt, og til å leggja til rette for at teknologien når ut til barn og unge med lærevanskar og/eller funksjonshemming.

I strategien går det vidare fram at elevane skal ha tilgang til IKT og utvikla kompetanse om teknologien. Gjennom bruk av IKT skal elevane få tilgang til relevant og ny kunnskap. IKT skal bidra til at elevane gradvis tek større ansvar for eiga læring, og at læraren si rolle i større grad vert rettleiande. Både elevar og undervisningspersonell skal vera trygge på, og vel kjende med datautstyret som skular og barnehagar disponerer.

Barn og unge er eitt av fire satsingsområde i IKT-strategien. Det er lagt opp til investeringar i IKT for barn og unge på til saman 5,9 mill. kroner i planperioden 2010-2013. Tiltaka er:

- Barnehage-IKT. Etablera IKT i barnehagane for å supplera arbeidsmåtar og støtta utvikling og læring hjå barna.
- Utplassering av digitale tavler i samsvar med gjevne normer.
- PC-fornyng i skulen. Fornyng og utvikling av PC-utstyr i skuleverket.
- Pedagogisk programvare. Innkjøp av pedagogisk programvare og nettbaserte tenester for å leggja til rette for aktiv bruk av IKT-verktøy i undervisinga.

I følgje IKT-statusskildring 2009 har Fjell kommune hatt ein formidabel vekst i bruk av IKT. Best ser ein dette på omfanget av utstyr: i løpet av dei siste fire åra har kommunen auka PC-talet frå 1100 til 2700. Utstyret har svært ulik alder, der 150 maskiner er eldre enn 10 år og 800 eldre enn fem år, medan 1750 er nyare enn fem år.

Om lag 1900 maskiner vert nytta i skuleverket. Alle lærarar med stillingsprosent over 70 har berbar PC. Kommunen har 1200 elevmaskiner. 700 av desse er fem år eller yngre. Ikkje-fullverdige PC-ar har 90% funksjonalitet (slit med video/lyd) og utgjer om lag 500 maskiner. Alle desse tala er frå IKT-statusskildring, det vil seie tal frå medio 2009.

Dekningstal per oktober 2010:

- Tal elevar per fullverdige PC: 3,7
- Tal elevar per maskin: 2,6

Fjell kommune har ikkje noko måltal for PC-dekning for elevar på generell basis. Når det gjeld fullverdige PC-ar, har skulane i stor grad ønska å satsa på mobile PC-sett. Kommunen har dessutan hatt fokus på nødvendig tal PC-ar i samband med digital eksamen på ungdomsskulane. Generelt handlar det no meir om å skifta ut eldre utstyr og få flest moglege fullverdige PC.

It's learning:

Som ein del av kunnskapsdepartementet si satsing på digital kompetanse i skuleverket, har skulane i Fjell kommune etablert digital læringsplattform for alle elevar. Elevane får med dette tilgang til digitalt arbeidsområde ved bruk av personleg brukarnamn og passord. Sentral læreplan for skuleverket, Kunnskapsløftet 2006, legg vekt på fem basisdugleikar: *Lese, Skrive, Rekne, Munnleg framstilling og Digital dugleik*.

Ei digital læringsplattform er eit system som legg til rette for skule over nettet, med kommunikasjon og samarbeid, administrasjon, rapportering og evaluering av denne læringa.

Ved å leggja til rette for aktiv bruk av læringsplattforma It's learning i skulen, vil ein samstundes gje elevane ein skjerm og trygg arena, der dei kan øva opp digital dugleik utan å vera fritt eksponert på internett.

I september 2010 fekk tilsette og elevar tildelt FEIDE-identitetar, og fekk slik direkte tilgang til læringsplattforma ved pålogging på kommunen sine datamaskiner. FEIDE (Felles Elektronisk IDentitet) er Kunnskapsdepartementet si løysning for sikker identifisering i

utdanningssektoren. Fleire digitale læringsressursar på nettet vil etterkvart bli tilgjengeleg for elevane på denne måten.

Etablering av FEIDE-identitetar set strenge krav til informasjonstryggleik og handsaming av skuleadministrativt system (SAS), mellom anna krav om registrering av eleven sine føresette med fødselsnummer. Ved synkronisering mellom SAS og It's learning, vil difor foreldre / føresette kunne få eigne brukarnamn og passord til særskilt grensesnitt i læringsplattforma. Dei vil då på ein oversiktleg og grei måte kunne følgja med på eleven sine læringsaktivitetar, og samstundes kunna kommunisera med kontaktlæraren.

3.7 Kompetanseutvikling og ekstern skulevurdering

Skuleleiarar og lærarar må ha den kompetansen som er nødvendig for å møta kunnskaps-samfunnet og ei stadig meir mangfaldig gruppe elevar og føresette. Ein føresetnad for ei målretta kompetanseutvikling er at skuleeigar har ein plan for kompetanseutvikling, forankra i hovudutfordringar og utviklingsbehov i den einskilde verksemda.

Skulen må ha kunnskap om sterke og svake sider ved si eiga verksemd, og om kva tiltak som kan føra til forbetringar. Skuleeigar sitt ansvar for kompetanseutvikling inneber også ansvar for å utvikla lokalt tilpassa metodar og rutinar for vurdering av skulen sin kvalitet og resultat, skulebasert vurdering og å følgja opp den informasjonen om læringsutbyttet, læringsmiljøet og dei ressursane som syner seg gjennom det nasjonale vurderingssystemet.

Den einskilde skulen må med bakgrunn i dette vurderingsarbeidet sjølv utvikla ein kultur for kontinuerleg læring, der alle tek ansvar for, og kjenner seg forplikta til, å realisera felles mål. Lærande organisasjonar er kjenneteikna mellom anna av fleksible arbeidsmåtar og organisering, og dei er prega av kompetanseutvikling og kunnskapsspreiing. Samhandling med andre kompetansemiljø, og erfaringspreiing mellom kollegaer og mellom skular, er avgjerande. Evna til kontinuerleg refleksjon over om dei måla som vert sett og dei vegane ein vel er dei rette for verksemda, er grunnleggjande eigenskapar i lærande organisasjonar. Tiltaka i kompetanseutvikling bør difor i stor grad vera knytt til lærarane sine daglege praksisar, og arbeidsplassen bør nyttast aktivt som arena for kompetanseutvikling.

Ekstern skulevurdering er eit tiltak som fører til felles kompetanseutvikling på skulane. Fjell kommune har, saman med Sund og Øygarden, utdanna eit korps av skulevurderarar som kjem til kvar skule kvart tredje år. Skulen finn fram til tema for vurderinga, frå 2011 vert tema valt ut frå ståstadsanalyse og organisasjonsanalyse. Vurderarane går gjennom skulen sin praksis, intervjuar elevar, føresette og lærarar, og lagar ein rapport der skulen vert utfordra på vidare utviklingspotensiale. Etter tre år viser evalueringa at systemet i høg grad bidrar til felles kompetanseutvikling og til utvikling av skulane som lærande organisasjonar.

Fjell kommune har i ei årrekkja arbeidd systematisk med kompetanseutvikling innan skulesektoren, og vedtok i 2005 ”*Kompetanse for utvikling, strategisk plan for kvalitet og kompetanse i grunnskulen i Fjell kommune 2005 – 2008*”. Planen vart revidert årleg fram til 2009. Etter kvart har skulesjefen sitt kapittel i Handlingsprogrammet for Fjell kommune overtatt rolla som førande for satsingsområde, tema, målgruppe, framdrift og organisering innan kompetanseutviklinga. Planen byggjer på kvar skule sin verksemdsplan, i tillegg til kommunale og sentrale føringar, og det vedtekte handlingsprogrammet gjev i neste omgang

føringar for verksemdsplanen på den einskilde skule. Planen er også førande for kva tiltak ein søker statleg støtte til, og korleis dei kommunale midlane vert fordelt.

I 2009 underteikna Kunnskapsdepartementet, KS og arbeidstakarorganisasjonane ein felles strategi for vidareutdanning av lærarar, ”Kompetanse for kvalitet 2009 – 2012”. Her vert dei statlege ressursane retta inn mot ei ordning der lærarar får permisjon med løn for å ta vidareutdanning innan prioriterte fagområde. Ordninga føreset at kommunen og staten deler kostnadane. Fjell kommune har prioritert lesing på barnesteget og rådgjeving på ungdomsteget, og har i 2010 sju lærarar som har denne ordninga. Planen er å vidareføra om lag same omfang i åra framover. Innanfor det same programmet er det også høve for nye rektorar å ta vidareutdanning innan skuleleiing med sikte på ein mastergrad, men då utan permisjon. To av rektorane i Fjell er per i dag med i dette programmet.

I tillegg vert det gjeve stipend innan prioriterte fag til å dekkja utgifter, og nødvendig fri til samlingar for lærarar som ønskjer å ta vidareutdanning i tillegg til vanleg stilling. I 2010 gjeld dette i hovudsak spesialpedagogikk og realfag. Alle skuleleiarar i Fjell tek, eller har teke, eksamen i coaching etter denne modellen.

Når det gjeld etterutdanning, er hovudfokus i 2010 klasseleiing og lesing for undervisningspersonalet, og i tillegg skulevandring for skuleleiarar. Det er også oppretta nettverk innan fleire felt, til dømes spesial pedagogikk., lesing, morsmål og grunnleggjande norsk. Tiltaka kjem slik fram av vedteke handlingsprogram 2010-2013:

- Det skal satsast særleg på lese- og skriveopplæring i heile skuleløpet. I tillegg kjem realfag på 5.-7. trinn og på ungdomstrinnet.
- Fjell kommune innfører SOL (Systematisk Observasjon av Lesing) på alle trinn, hausten 2010.
- Utvikling av tydelege vaksne i skulen. Særskilt skal læraren si rolle som klasseleiar bli vektlagt. Kompetanseheving i klasseleiing gjennom kurs og nettverk skal vera gjennomført innan skulestart 2010 i tråd med plan for implementering av program for klasseleiing.
- Skuleleiarar skal få auka kompetanse innan rettleiing og skulevandring innan utgangen av 2010
- Det skal satsast på å styrka den faglege kompetansen, særleg innan lesing, skriving, realfag og praksisnær undervising i heile grunnskulen.
- Lærarar på barne- og ungdomsteget skal få økonomisk støtte til å gjennomføra vidareutdanning innan realfag, lese- og skriveopplæring, spesialpedagogikk og rådgjeving. Heile perioden.
- Nettverk innan ulike fagområde skal vidareførast

3.8 Støttetiltak og tverrfagleg samarbeid om tidleg satsing

Zippys vener:

”Zippys vener” er eit dokumentert effektivt psykisk helseførebyggjande program for barn i alderen 6-8 år. ”Zippys vener” i Fjell er eit tverrfagleg samarbeid, og vert gitt til alle førsteklassingane. Lærarane, PPT, helsesøstrer, kommunepsykologar og kyrkjekontoret i Fjell er alle aktive i anten direkte formidling til barna, eller rettleiing og opplæring i ”Zippys

vener". 24 undervisingsstimar med Zippys vener styrkjer barnet si evne til fleksibel meistring, og til å gje og ta imot sosial støtte. Programmet har seks hovudtema: kjensler, kommunikasjon, vener og uvener, å takla konflikhtar, å takla forandring og tap, og det å meistra saman med andre. Programmet er forska på både internasjonalt og nasjonalt med gode resultat, og det er interessant at den auka meistringsevna ser ut til å halde seg på eit høgare nivå også i åra etter at barna har hatt programmet.

Les meir om zippy på <http://www.vfb.no/xp/pub/zippys/venstre/gul/hoved> .

FRIENDS førebyggingsgrupper i skulen/skulehelsetenesta:

FRIENDS er eit behandlings-/førebyggingsprogram for barn og ungdom med symptom på angst og depresjon. Angst og depresjon er dei mest vanlege lidningane hos barn og ungdom, og kan ubehandla føre til alvorleg funksjonstap både psykososialt og i høve til læringskapasitet. Behandling så tidleg som mogleg er viktig for å hindre at vanskane utartar seg.

Fjell kommune har hatt tilbod om FRIENDS i regi av skulehelsetenesta og kommunepsykolog dei siste fire åra. Det har vore gjennomført selektive førebyggingsgrupper på fleire barne- og ungdomsskular, dvs at ein har retta tilbodet til barn og ungdom som er i høgrisiko for å utvikla meir alvorleg lidning. Gruppene har blitt gjennomført på skulen i skuletida. Programmet er dokumentert effektivt gjennom omfattande internasjonal forskning, og er det einaste programmet som er anerkjent av World Health Organisation (WHO, 2004). Kommunepsykologtenesta, i samarbeid med stipendiat ved Universitetet i Bergen, har gjennomført ei større evaluering av det kommunale tilbodet. (forventa ferdigstilt desember 2010).

MOT- haldningsskapande program i skule og fritid

Fjell kommune er MOT-kommune og inngjekk avtale om MOT første gong i 2004, med bakgrunn i vedteken Tiltaksplan mot rus 2002 – 2005. I 2009 signerte Fjell kommune avtale om Lokalsamfunn med MOT og i 2010 avtale om Ungdom med MOT.

MOT er ein heilskapleg modell for korleis lokalsamfunn kan jobba saman med ungdom. Heilskapsmodellen består av program i ungdomsskulen, vidaregåande skule og på ungdom sin fritidsarena.

MOT sin grunntanke er å:

- Bevisstgjera ungdom til å ta val som gjer at dei meistrar livet.
- Styrka ungdom sitt mot til å ta vare på seg sjølv og kvarandre.
- Driva haldningsarbeid med fokus på verdiar, val og tru på egne krefter.

Skuleåret 2009/2010 hadde Fjell kommune undervisingsopplegg for MOT i 30 klassar, med til saman rundt 1000 elevar. MOT-informatørar deltek i alle ungdomskuleklassar ved Tranevågen og 8. og 9. trinn ved Fjell ungdomsskule. Frå 2011 skal ein ha MOT på alle trinn ved Fjell ungdomsskule, og det vil då bli gjennomført eit MOT-undervisingsopplegg i 36 klassar.

I tillegg til klasseundervisning deltek MOT-informatørane på foreldremøte med innlegg om MOT-programmet. Det vert arrangert lærarmøte på begge ungdomsskulane, der alle lærarane

og skuleadministrasjonen vert informert om MOT. Samarbeidet med skulane fungerer særst godt.

Sjølvve undervisningsopplegget med MOT er basert på 2-3 skuletimar. MOT-informatørane møter kvar klasse ca fem gonger kvart år, noko som gjer at elevane får 15 besøk i løpet av dei tre skuleåra dei går på ungdomsskulen. Besøka inneheld rollespel, føredrag, dialog med elevane, leik, osb.

Ungdom med MOT er ungdom som driv formidling til ungdom. Disse ungdommane har også ansvar for det sosiale miljøet på skulane, og lagar gode opplegg på skulane.

Når det gjeld Lokalsamfunn med MOT, inneber dette opplegg med MOT på ungdom sin fritidsarena. Dette arbeidet er førebels berre i startgropa, men inneber mellom anna MOT som kvalitetsprogram i dei kommunale ungdomsklubbane, idrettslag, osb.

Kap 4 Livsløpsskulen

4.1 Innleiing

St. meld. nr. 16 legg m.a. vekt på tidleg innsats for livslang læring. Dette handlar om at utdanningssystemet skal leggja til rette for at alle vert inkludert tidleg i gode læringsprosessar.

I Noreg går no meir enn 80 % av barna i alderen 1-5 år i barnehage, der omsorg, leik og læring går hand i hand. *Barnehagelova* og *Rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver* stadfestar barnehagen sitt samfunnsmandat knytt til barn under opplæringspliktig alder.

Barn i opplæringspliktig alder går 10 år i grunnskule. Grunnopplæringa i Noreg inkluderer også 3-4 år frivillig vidaregåande opplæring. Opplæringslova gjev no alle, unge og vaksne, rett til gratis grunnskuleopplæring og vidaregåande opplæring.

Etter fullført grunnopplæring byr det formelle utdanningssystemet på fagskule-, høgskule- og universitetsutdanning, medan Statens Lånkasse skal bidra til at alle får same økonomiske høve til å ta høgare utdanning. Vidare byr studieforbund og senioruniversitetet på eit vidt spekter av kurs, både innanfor og utanfor formelle læreplanar. Forholda ligg dermed til rette for deltaking i ulike opplæringstilbod gjennom heile livet.

4.2 Overgangane

Livsløpsskulen indikerer at det er ein heilskap og samanheng mellom dei ulike opplæringsnivåa og aktørane. Med Kunnskapsløftet har ein etablert fagleg samanheng for heile grunnopplæringa (grunnskule og vidaregåande opplæring). Utfordringar knytt til å skapa heilskap og samanheng vert særleg synleg ved overgangane frå dei ulike nivåa. Læringsplakaten tek til orde for at eit godt og systematisk samarbeid mellom barnehage og barne- trinnet, barnetrinnet og ungdomstrinnet, ungdomstrinnet og vidaregåande opplæring skal bidra

til å letta overgangen mellom dei ulike trinna i opplæringsløpet. I alle desse overgangane er det særst viktig med eit godt samarbeid med elevane og foreldra deira.

For elevar med psykisk utviklingshemming er det særleg viktig å planlegge overgangane i god tid og involvere foreldre og pedagogisk personale på begge skulane. Slik sikrar ein at denne elevgruppa ikkje får unødig stor belastning i overgangane.

4.2.1 Overgang barnehage – barneskule

I *Rammeplan for barnehagen* står det mellom anna at barnehagen, i samarbeid med skulen, skal leggja til rette for barna sin overgang frå barnehage til første klasse, og at dette skal skje i nært samarbeid med heimen til barnet. Planar for denne overgangen skal vera nedfelt i barnehagen sin årsplan. Barnehagen og skulen bør gje kvarandre gjensidig informasjon om verksemda, gje rom for god avskjed og førebu barnet på skulestart. Dersom barnehagen skal gje skulen informasjon om einskilde barn, må foreldra samtykkja i dette. *St. meld 41 (2008-2009) Kvalitet i barnehagen* har eit eige kapittel om samarbeidet mellom barnehage og skulen, og Kunnskapsdepartementet har utarbeidd ein rettleiar ”*Frå eldst til yngst – samarbeid og samanheng mellom barnehage og skule*” (2008).

Nokre barn treng særskilt tilrettelegging, eller har utfordringar skulen må ta omsyn til. Dersom PPT har vore involvert i høve til eit barn i barnehagen, tek dei initiativ til vidare samarbeid med skulen. I tilfelle der barnehagen vurderer det slik at skulen bør få informasjon om eit barn, men der PPT ikkje har vore involvert, tek som oftast barnehagen initiativ til eit møte med skulen og foreldra. Det er viktig at foreldra er involvert, og at dei ikkje opplever usikkerheit knytt til oppfølginga av barnet deira.

For barnehagane i Fjell kommune er det vanleg at barnehagane arrangerer skulebesøk for føreskulebarna. Det er i nokre høve utfordrande å gjennomføra dersom barna skal begynna på fleire forskjellige skular. Vidare tek mange skular inn barn frå forskjellige barnehagar. Dette kan gje barnehagen og skulen mange samarbeidspartar. Skulane på si side arrangerer føreskuledagar for føreskulebarna i sin skulekrets. Dette initiativet fangar opp barn som ikkje går i ein barnehage og barn som går i barnehage andre stader i eller utanfor skulekrinsen.

Det føreligg per i dag ingen felles føringar for korleis barnehagen og skulen skal samarbeida om denne overgangen, men ein har prosjekt mellom Ulveset barnehage og Ulveset skule, og mellom skulane og barnehagane i skuleregion Nord. Her er det utvikla eit arbeidsdokument for samarbeid. Dokumentet vert teke i bruk for første gong hausten 2010. Dei to prosjekta vil gje viktig erfaring som ein kan byggja vidare på.

4.2.2 Overgang barneskule – ungdomsskule

Det føreligg få, om nokon, nasjonale føringar for elevane sin overgang frå barneskule til ungdomsskule. Begge utdanningstrinna ligg på grunnskulenivå, og mange skular inkluderer begge nivå. For alle elevar inkluderer likevel overgangen eit skifte av skule og klasse, innføring av karaktervurdering og val av fag.

Fjell kommune har etablert sentrale føringar for korleis barneskulen og ungdomsskulen skal samarbeida om elevane sin overgang. Det vert gjennomført møte med administrasjonen frå ungdomsskulen og den einskilde barneskule, der ein utvekslar informasjon kring elevane generelt. Dersom nokre elevar treng særskilt tilrettelegging, vert det organisert egne overføringsmøte mellom skulenivåa, der naudsynt informasjon vert formidla. Er PPT involvert vil ungdomsskulen, med foreldra sitt samtykke, få tilgang på eksisterande dokumentasjon, t.d. sakkyndig vurdering.

For å førebu foreldra og elevane inviterer Fjell ungdomsskule til to separate møte; eitt møte for foreldra der dei m.a. får informasjon om dei ulike valfag og framandspråk, og eitt møte for elevane og lærarane deira, der dei får gjort seg kjend med skulen og ny klasse. I skuleregion Nord har skulane nyleg sett i gang eit prosjekt for å utvikle rutinar for denne overgangen.

4.2.3 Overgang ungdomsskule – vidaregåande opplæring

Ungdom over 15 år kan sjølv å bestemma kva utdanning og vidaregåande skule dei ønskjer å søkja. Dei har òg rett til å avgjera kva informasjon som skal formidlast mellom opplæringsinstitusjonane. Eleven kan krevja at det vert gjort sakkyndig vurdering av eventuell trong for spesialundervising/tilrettelegging, men det kan ikkje setjast i gang slik utgreiing utan eleven sitt samtykke. I høve der eleven ikkje kan gje samtykke, krevje sakkyndig vurdering eller innsyn i dokumentasjon, skal foreldra ivareta eleven sine rettar.

Val av vidaregåande opplæring

Val av utdanningsprogram er eit viktig element i overgangen frå ungdomsskule til vidaregåande opplæring. I St. meld. nr. 19 (2006-2007) ”...og ingen sto igjen”, vert det m.a. vist til at OSCD og fleire norske utgreiingar har peika på alvorleg veikskap ved det norske systemet for yrkesretteiing. Veikskapane som er avdekte er manglande kompetanse, dårleg kvalitets-sikring, dårleg koordinering mellom ulike sektorar og at tenesta ikkje fangar opp alle. Resultatet vert ofte at ungdom vel feil utdanningsprogram på vidaregåande skule, og at dette fører til seinare omval eller avbrot i opplæringa. Begge deler er ressurskrevjande for eleven, skuleeigar og samfunnet. St.meld. nr. 44 (2008-2009) ”Utdanningslina” følgjer opp behovet for rettleiing ved å ta til orde for etablering av karriereretleingssentra, nasjonalt og regionalt. Vidare vart faget **utdanningsval** obligatorisk i ungdomsskulen f.o.m. hausten 2008.

Nasjonalt læreplan for faget utdanningsval definerer sentrale mål som t.d. å gje eleven informasjon om utdanningsprogram og lokalt næringsliv, gje høve til utprøving av utdanningsprogram og refleksjon over egne val. Faget har eit omfang på 113 klokketimar, eller om lag 150 skuletimar, fordelt over tre år.

Senter for yrkesretteiing i Hordaland (SYR) vart oppretta i 2005 for m.a. å støtta rådgjevarane i skulen i arbeidet deira med å rettleia ungdom som skal velja vidaregåande utdanning. Ein av strategiane er å rekruttera bedrifter som informantar, og arrangera møte mellom desse og elevane. Gjennom SYR fekk elevane ved Fjell ungdomsskule og Ulveset skule besøk av fem verksemdar, både lokale og frå Bergen, skuleåret 2008/2009. Verksemdene representerte faga elektro, design og handverk, teknikk og industriell produksjon, restaurant og matfag, service og samferdsel.

I Fjell kommune har ungdomsskulane samarbeidd om utviklinga av ein lokal læreplan i faget utdanningsval. Forutan å gje dei sentrale måla for faget er det sett opp ein årsplan med aktivitetar, plassering av ansvar, tidsomfang og når i skuleåret det vert gjennomført. Planen inkluderer ein rettleiar for gjennomføring av aktivitetane i årsplanen. Å nytta ekstern kompetanse og støttepartnarar der det er mogleg, står sentralt. Dette kan til dømes vera besøksdag på foreldra sin arbeidsplass, besøk hos Senter for yrkesrettleiing, hospitering i vidaregåande skule og bedrifter, etablering av partnerbedrift, deltaking i arbeidsveka, utdanningsmesser og "open skule", gjennomføring av interessetestar osb. Den lokale læreplanen har også ei rekkje vedlegg (eigenvurdering, skjema for utplassering), som vert samla i eleven si mappe saman med andre rapportar eleven skal skrive. Mappa dannar grunnlag for vurdering i faget (bestått, ikkje bestått).

I 10. klasse vil elevane få tilbod om individuell samtale eller gruppesamtale med rådgjevar, der tema er val av utdanningsprogram og orientering om yrke. Sjølv om elevane har råderett til å velja utdanningsprogram og skule, kan det i nokre høve vera føremålstenleg å involvera foreldra til eleven, med tilbod om individuell samtale med rådgjevar. Det finst ungdom som anten overvurderer eller undervurderer eigen dugleik knytt til krava til utdanninga eller høve til å få jobb innan det valte yrket.

Elevundersøkinga 2010 viser at elevane i 10. klasse i Fjell kommune er mykje meir nøgde med karriererettleiinga enn tidlegare. Dette plasserer kommunen godt over landsgjennomsnittet. Ei mogleg årsak er at dette er det første kullet som har gjennomført faget utdanningsval.

4.3 Utdanning i vaksen alder

Kompetansereforma (1999) førte med seg tiltak og endringar i Opplæringslova (kap 4A), som bl.a. gav vaksne rett til gratis grunnskuleopplæring og vidaregåande opplæring (2000). Bakgrunnen for kompetansereforma var behovet for å styrkja konkurransevna til Noreg, og styrkja arbeidstakarane si omstillingsevne. Kompetansereforma gav også vaksne rett til å få vurdert og dokumentert sin realkompetanse, både på grunnskule- og vidaregåande skulenivå.

4.3.1 Fjell vaksenopplæring

Alle vaksne over skulepliktig alder har ein lovfesta rett til opplæring på grunnskulenivå, jf. Opplæringslova § 4A-1. Vidare gjev Opplæringslova § 4A-2 vaksne rett til spesialundervising på grunnskulenivå. Kommunane har ansvaret for opplæringa, og tilbodet skal leggjast til rette ut frå den einskilde vaksne sin livssituasjon og behov. Kommunen skal også syte for opplæring i norsk og samfunnsfag for vaksne innvandrarar.

Fjell kommune har organisert tilbodet til vaksne ved **Fjell vaksenopplæring**. Til no har berre 1-2 vaksne i året ønskt å løysa ut retten til ordinær grunnskuleopplæring, og Fjell kommune kjøper plassar til desse ved vaksenopplæringa i Bergen kommune. Ved Fjell vaksenopplæring får årleg om lag 20-25 vaksne spesialundervising på grunnskulenivå. Tilbodet vert gjeve etter

sakkyndig vurdering og tilråding frå PPT, og er i hovudsak personar med t.d. psykiske utfordringar og utviklingshemningar.

Vidare får om lag 65-70 vaksne flyktningar og innvandrarakar opplæring i norsk og samfunnsfag ved Fjell vaksenopplæring. Tre fjerdepartar av desse er innvandrarakar med rett og plikt til opplæring i norsk og samfunnsfag (300 timar), medan resten er knytt til introduksjonsprogrammet for flyktningar (2 år). I tillegg til ordinært tilskot til norskopplæring, får Fjell vaksenopplæring resultattilskot for kvar eksamen elevane består i norskprøve 2 og 3 (skriftleg og munnleg). Tilskota kjem frå Fylkesmannen i Hordaland.

Ordinære arbeidsinnvandrarakar har ikkje rett til norskopplæring, og må betala for slike kurs. Hausten 2010 har Fjell vaksenopplæring 12 personar på betalingskurs, medan fleire står i kø. Mange vert vist vidare til m.a. Folkeuniversitetet. Eit kurs kostar om lag sju tusen kroner.

Det er mykje som tyder på at det kan vera føremålstenleg å greia ut om det er mogleg med interkommunalt samarbeid om vaksenopplæringa i Region Vest. Utgreiinga bør sjå på både ordinær og særskilt tilrettelagt grunnskuleopplæring, og norskopplæring for innvandrarakar og flyktningar. Fleire av undervisingsgruppene er små, fagmiljøa er små, medan utfordringane som skal løysast i kvar kommune ofte er like, anten det gjeld administrative eller faglege utfordringar.

Forsking syner at nærare 30 % av alle vaksne (16-65 år) i Noreg ikkje les og skriv godt nok til å takla vanlege oppgåver i arbeids- og privatlivet. Vidare har 4 av 100 vaksne nordmenn dårleg eller særleg dårleg talforståing⁶. I Fjell kommune er om lag 14 290 personar i aldersgruppa 16-65 år. Dersom 30 % av desse har dårleg lese-, skrive- og reknedugleik, kan dette tyda på at nærare 4 290 vaksne (16-65 år) i kommunen treng lese- og skriveopplæring. Dette er å sjå som ei nasjonal utfordring, der tiltak, midlar og verktøy bør lanserast frå statleg hald.

4.3.2 Vidaregåande opplæring for vaksne

Vaksne sin rett til vidaregåande utdanning kom i 2000, men vart endra og utvida i 2008. Vaksne som har fullført grunnskulen, men som ikkje har fullført vidaregåande opplæring har rett til dette f.o.m. det året dei fyllar 25 år. Same år fekk ungdom rett til vidaregåande opplæring t.o.m. det året dei fyller 24 år.

Ansvar for vidaregåande opplæring for vaksne er lagt til fylkeskommunane. Opplæringa er gratis, og fylkeskommunen har ansvar for å halda dei vaksne med trykte og digitale læremidlar og digitalt utstyr. Vidare har fylkeskommunen ansvar for at vaksne får vurdert og dokumentert realkompetansen sin, og for at dei får dokumentasjon på opplæringa dei har gjennomført (jf. Opplæringslova § 4A-3).

Hordaland fylkeskommune har i fleire år hatt tilbod om vidaregåande opplæring for vaksne ved Sotra vidaregåande skule. Tilboda er i dag knytt til Sotra vidaregåande skule, avd. Sund, i faga Barne og ungdomsarbeidar og Helsearbeidar. Vaksenopplæringstilboda til fylkeskommunen vert sett i gang på bakgrunn av etterspurnad, knytt til kva søkjaren ønskjer og kor han/ho bur.

4.3.3 Studieforbund

Føremåla med studieforbunda og plassen deira i utdanningssystemet har vore omtalt i både NOU'ar og stortingsmeldingar dei seinare åra (NOU 2007:11 *Studieforbund – læring for livet* og St.meld. 44 (2008-2009) *Utdanningslina*), og vart slått endeleg fast med *Lov om vaksenopplæring*, juni 2009, med tilhøyrande forskrift. Her vert m.a. følgjande overordna mål definert:

- Bidra til å vedlikehalda og styrkja demokratiet.
- Gjere det mogleg for menneske å påverka eigen livssituasjon.
- Bidra til motivasjon og tilgang på kunnskap og kompetanse for alle.
- Styrkja kulturelt mangfald og auka deltaking i kulturlivet.
- Vera ein sjølvstendig arena for læring, og eit supplement til offentleg utdanningstilbod for vaksne.

Studieforbunda er opne for alle, og har eit svært variert kurstilbod både innanfor og utanfor det formelle utdanningssystemet; matlaging, musikk og kultur, lovverk, personalleing, båt og sjø, idrett, vidaregåande opplæring og universitetsfag.

Eit stort spekter av studieforbund har tilbod i og rundt Bergen, og **Folkeuniversitetet** har eigne lokale i kompetansesenteret på Straume. **AOF** har tilbod om kurs for praksiskandidatar ved dei vidaregåande skulane i regionen, dei har bedriftsinterne kurs på CCB, og dei siste åra har båtførarkurs vorte populært. **Senioruniversitetet** har mange lokallag i Bergen og Hordaland, og held m.a. førelesningar i kultursalen i Fjell rådhus månadleg. Senioruniversitetet arrangerer førelesingar med stort spenn i tema, som litteratur, politikk, historie, miljø og kultur.

4.4 Vidaregåande opplæring og Regionale høgskuletilbod

Fjell kommune har eit sterkt og engasjert næringsliv med trong for høg kompetanse, særleg innan fag knytt til olje- og el-installasjonar. Dette er utdanning ein finn innan vidaregåande opplæring og høgskuleutdanning, og som vert forvalta av høvesvis fylkeskommunen og staten. Sjølv om utdanningane ligg utanfor kommunen sitt ansvarsområde, er det i kommunen si interesse å arbeida for at det lokale næringslivet får tilgang på den kompetansen det har trong for.

4.4.1 Sotra vidaregåande skule

Ungdom som har fullført grunnskulen eller tilsvarande opplæring, har etter søknad rett til vidaregåande opplæring. Hordaland fylkeskommune har ein vidaregåande skule lokalisert i Fjell kommune. Sotra vidaregåande skule ligg på Bildøyna, men har også ei avdeling i Sund. Skulen har om lag 960 elevar totalt, opplæringstilbod innan ni utdanningsprogram og høve til fleire ulike fordjupingar andre og tredje året. Fleire av tilboda er nært knytt til næringslivet i kommunen med omsyn til innhald, praksisperiodar og tilgang til læreplass.

Elektrofag har heilt sidan skulestart i 1978 vore ei populær avdeling ved Sotra vidaregåande skule. Det er stor søknad til dei forskjellige tilboda. Skulen har nært samarbeid med bedrifter i området, som bidrar med opplæringsplassar i praksisperiodane. Praksisen føregår t.d. i oljeindustribedrifter og i el-installasjonsbedrifter.

Skulen er den einaste i Hordaland med tilbod om teknologilinje, der elevane får studie-spesialisering med full fordjuping i realfag/teknologifag, og grunnleggjande praksis i elektro-fag og mekaniske fag. Utdanninga kombinerer praktisk og teoretisk opplæring med ein dag på verkstad kvar veke, og ein månad praksis i bedrift kvart år. Elevane får òg opplæring i å driva eiga bedrift, gjennomføra modellforsøk og utrekningar på oppdrag frå teknologibedrifter, og høve til å starta med fag på høgskule og universitet.

4.4.2 Regionale høgskuletilbod

Bergensregionen har ei betydeleg næringsklynge innan undervassteknologi, og Høgskulen i Bergen har studietilbod innan faget som er fagleg og geografisk knytt opp til denne. Bachelor i Undervassteknologi (ingeniørfag) har studiestad ved Straume Næringspark i Fjell kommune. Utdanninga er 3-årig (180 studiepoeng), og vert gjennomført i nært samarbeid med lokale bedrifter. Obligatoriske praksisperiodar vert gjennomført i lokale bedrifter, men studiet byr også høve til studieopphald ved universitet i Brasil og Skottland.

Studiet har 40 studieplassar. Det første kullet gjekk ut sommaren 2010, og 23 av dei 37 studentane som fekk Bachelorgrad i vår, har fått jobb ved bedrifter i Fjell. Ved studieopptaket i sommar var det 113 søkjarar til dei 40 studieplassane, noko som gjer studiet til det nest mest populære ingeniørstudiet i landet.

Finansieringa av studiet er ei utfordring ettersom staten berre dekkjer 25 av dei 40 studie-plassane. Lokale bankar og næringsliv har difor måtta gå inn med midlar for å få studiet på beina.

Ein Bachelorgrad i undervassteknologi gjev m.a. høve til opptak til Masterprogram i undervassteknologi, som er ei tverrfagleg sivilingeniørutdanning. Programmet er 2-årig, og er eit samarbeid mellom NTNU i Trondheim (fagleg ansvarleg) og Høgskulen i Bergen. Masterprogrammet har også tette band til næringslivet og ekspertsenteret NCE Subsea på Ågotnes.

Kap 5 Elevtal, utvikling og prognosar


Kapittelet nyttar historiske data frå Statistisk sentralbyrå (SSB) som grunnlag for utvikling og prognosar.

Fjell kommune har over fleire tiår vore ein av dei fremste vekstkommunane i landet. Over 33% av folkesetnaden er under 20 år. Dette har resultert i behov for auka skulekapasitet. Nye framskrivingar og prognoser tilseier no ei utflating og konsolidering av veksten i barne- og ungdomskulla. Veksten i neste planperiode vil først og fremst koma i aldersgrupper utanfor skulepliktig alder.

5.1 Folketalsutviklinga i Fjell

Fjell har sidan opninga av Sotrabraua i 1971 opplevd ein enorm folketalsauke, frå om lag 7 000 innbyggjarar i 1970 til 21 823 per 1. januar 2010. Høg nettoinnflytting kombinert med stort fødselsoverskot er dei mest sentrale vekstfaktorane.

Kommuneplanen legg opp til framhald av folkeveksten gjennom urbanisering, fortetting, utvikling langs eksisterande infrastruktur, og grendeutvikling. Planen ser føre seg eit folketal på 25 000 i 2018.



Folketal per 01.01.2010 var 21 823 personar. Folketalsvekst 01.01.2009-01.01.2010 var på 316 personar, ein vekst på 1,47%. I 2008 var den årlege veksten i Fjell på 1.41%. Dette er den lågaste veksten i Fjell sidan byrjinga på 90-talet. Fjell kommune er altså inne i ein periode med svakare vekst enn i dei føregåande åra.


5.2 Elevtalsutvikling etter skuleområde på barnesteget

Litlesotra er det største skuleområdet og har hatt den største elevauken i perioden frå 1993/94. Det er i dette skuleområdet Fjell har dei største barneskulane. I nærleiken av 1000 elevar på barnesteget får skuletilbod i dette området årleg. Kraftig vekst mot slutten på nittitalet og innover mot midten av totusentalet.

Vidare ser ein at Skuleområde Nord har hatt jamn høg vekst i perioden, frå 295 elevar tidleg på nittitalet, til 663 elevar i skuleåret 2009/10.

Skuleområde Vest har òg hatt stabil auke av elevmassen på barnesteget. Denne veksten vart ikkje framskriven i førre skulebruksplan.

Skuleområde Sør er det minste skuleområdet, og har samla sett hatt ein mindre vekst frå 1997-98.



5.3 Elevtalsutvikling etter skulestorleik 2000 – 2010

Elevveksten fordeler seg ulikt i skuleområda og for dei ein skule. Tabellane under er inndelt i 3 kategoriar etter skulestorleik, og syner utviklinga av elevmassen, basert på prosentvis utvikling over 10 år.

I dei minste skulane med under 75 elevar er det berre Misje skule som har hatt ein monaleg vekst dei siste 10 åra med 20 %. Tellnes går ned med 11 %. Syltøy skule og Algrøy skule har tilbakegang med 46 % og 22 %.

Fjell skule vart lagt ned og overført til Ulveset inntaksområde – hausten 2008.

Elevtalsendring 2000-2011 for skular med færre enn 75 elevar

	2000-2001	2010-2011	Endring i elevtal 2000-2011	Prosent endring
Syltøy	37	20	-17	-46 %
Algrøy	37	29	-8	-22 %
Misje	40	48	8	20 %
Tellnes	70	61	-9	-13 %

Åtte skular har mellom 75 og 200 elevar i 2010. Berre ein av disse, Hjelteryggen, har gått tilbake i elevtal dei siste 10 åra. Dette skuldast i stor grad generasjonsskifte på Hjelteryggen, kombinert med lite nybygging i inntaksområdet til skulen. Ledig kapasitet er nytta og tilrettelagt til spesialskulereføremål for elevar med utviklingshemming.

Bjørøy skule har den sterkaste veksten med 110 %, som utgjer ein vekst på 57 elevar. For dei andre skulane med vekst, ligg veksten i intervallet 7 % (Ekerhovd) til 25 % (Skålevik).

Elevtalsendring 2000-2011 for skular frå 75 til 200 elevar

	2000-2001	2010-2011	Endring i elevtal 2000-2011	Prosent endring
Skålevik	72	90	18	25 %
Ekerhovd	96	103	7	7 %
Bjørøy	52	109	57	110 %
Kolltveit	174	174	0	0 %
Liljevatnet	143	178	35	24 %
Landro	160	194	34	21 %
Hjelteryggen	242	196	-46	-19 %
Knappskog	169	185	16	9 %

I dei største skulane som har meir enn 200 elevar i 2010, er det òg stor variasjon i utviklinga dei siste 10 åra. Fjell ungdomsskule har fått auka kapasiteten gjennom utbygging, noko som har vore heilt nødvendig når ein ser på den høge elevveksten ved skulen. Ågotnes barneskule

har den største veksten med 52 %, ein vekst på 79 elevar frå 2000 til 2011. Dette samsvarar med tidlegare prognosar i tidlegare skulebruksplan og den faktiske bustadbygginga i nord.

Elevtalsendring 2000-2011 for skular med over 200 elevar


	2000-2001	2010-2011	Endring i elevtal 2000-2011	Prosent endring
Ulveset	328	227	-101	-31 %
Ågotnes barneskule	151	230	79	52 %
Brattholmen	280	266	-14	-5 %
Foldnes	340	323	-17	-5 %
Fjell U-skule	400	490	90	23 %

5.4 Elevtalsutvikling i ungdomsskulen

Elevtalsauken på ungdomssteget var særleg høg rundt tusenårsskiftet. I skuleåret 2002-03 var det nesten 1100 ungdomsskuleelevar i Fjell. På eit par år auka elevtalet med nær 250.


Danielsen Ungdomsskule Sotra starta privat ungdomsskule med 60 elevar skuleåret 2000-01, i ein periode med sterk elevvekst. Brorparten av elevane kjem frå Fjell, og skulen rekrutterer i all hovudsak i Fjell ungdomsskule sitt inntaksområde.

I den kommunale ungdomsskulen har elevtalet i perioden vore mellom 760 og 960 elevar årleg. Skuleåret 2009-10 er eit toppår med 961 elevar totalt. Fjell ungdomsskule har hatt kapasitetsproblem, og ungdomsstega på Ågotnes og Ulveset har vore hardt pressa på plass og areal i dei seinare åra. Hausten 2010 vart den nye Tanevågen ungdomsskule på Ågotnes teken i bruk, med kapasitet til 450 elevar.



5.5 Framskriving av elevtal

Figuren nedanfor viser utvikling og framskriving av barn i barneskule og ungdomsskulealder i Fjell kommune, frå 1990 til og med år 2020. År 2010 er siste faktiske tal.




Framskrivinga byggjer på alternativet som ifølgje Statistisk sentralbyrå får størst vekst i folketal. Dette har vist seg å vera eit nokså realistisk alternativ for Fjell. Med utvikling av ”Straumebyen” trur vi at dette alternativet ikkje er for optimistisk.

Tala i figuren er for 1990, 2000, 2005, 2010, 2015 og 2020. Prognosen viser at talet på barneskuleelevar vil halda seg stabilt rundt 2500 elevar i perioden 2011-2015. Dette er ein nedgang på om lag 50 elevar frå i dag. Elevtalet i barneskulen vil auke til 2742 elevar i år 2020. Dette kan medføre ein endra kapasitetssituasjon for ein del skuleområde. Sjå kapittel 5.7.4

For ungdomsskulane er framskrivinga som vert lagt til grunn, *toppåret elevtalet i år 2010*. Over ein 10-årsperiode vil det bli ein nedgang frå 1212 elevar i 2010 til 1113 elevar i 2020. Med den utbygginga ein har hatt av ungdomskulekapasitet dei seinare åra, vil kommunen kunne handtere elevtalet i ungdomsskulen på ein god måte.

Fjell kommune har, som det går fram av figuren, hatt ein sterk auke i elevtal over lengre tid. Ein ser at denne veksten ikkje vil halde fram i same tempo dei næraste åra. Frå år 2000 til 2010 auka talet på personar i barneskulealder med 377, og talet på personar i ungdomsskulealder med 464. I framskrivinga aukar talet på personar i barneskulealder frå 2010 til 2020 med 187, medan personar i ungdomsskulealder går ned med 99 i same periode. Skulekapasiteten er bygd ut i høve til den historiske utviklinga. Det som kan skape kapasitetsproblem i den næraste 10-årsperioden, er vekst i pressområde i kommunen. Dette kjem vi tilbake til i kapittel 5.7.2.

5.6 Utvikling i tal førskulebarn og elevar i vidaregåande skule i Fjell




Talet på førskulebarn har vore stabilt i perioden 2000-10. Framover mot år 2020 er det venta ein vedvarande auke frå 1963 barn i 2010, til 2443 born i 2020. Likevel taler mykje for at kommunen kan rekna med ein konsolidert situasjon for barnehagesektoren, og at det ikkje vil vera naudsynt med utbygging av denne kapasiteten på fleire år.

Talet på elevar til den vidaregåande skulen vil auke i planperioden. Talet på personar i aldersgruppa 16-19 år aukar frå 1376 i år 2010, til 1543 i år 2015, og går så ned til 1470 i år 2020.

5.7 Prognose elevtal barneskule fordelt på inntaksområde

5.7.1 Framtidige pressområde i Fjell

Framtidige pressområder – etter vedtekne utbyggingsplanar



Kartet gjev ein enkel oversikt over forventa framtidige pressområde, basert på godkjente regulerings- og utbyggingsplanar.

Straume by

I åra framover ligg det klare strategiar i kommuneplanen om urbanisering og fortetting i områda rundt Straume / Litlesotra / Bildøyna. Nærast i tid ligg planlegginga av Straume som urbant senter med bykarakter. Dette er omfattande planar som på lang sikt vil krevja utbygging i skulekapasiteten. Det er vanskeleg å framskriva den framtidige demografiske utviklinga i desse planane, og korleis dei vil slå inn på behovet for skulekapasitet. Mykje talar for at kommunen bør velja strategiar som er "føre var" i høve kommunale grunnskular.

Nedanfor er anslag arealeininga hos Plan- og utbyggingssjefen har gjort over framtidige bustadeiningar og arbeidsplassar i Straumeområdet. Tala må sjåast på som overslag med usikkerheit, men dei gjev ein indikator på kva ein kan vente seg når planane vert realiserte.

Bustadeiningar	2020	2030
Straume sentrum	600	310
Straumsfjellet	520	300
Straumssundet	220	400
Andre	2400	5000
Arbeidsplassar	2020	2030
Straume sentrum	500	300
Straumsfjellet	300	0
Straumssundet	45	45
Andre	1000	2000

- For Straume sentrum gjeld sjølve Sartor-området og reguleringsplanane vest for Sartorvegen.
- For Straumsfjellet gjeld alle delområde i KDP Straumeområdet som ligg aust for Grønamyrsvegen
- Straumssundet 2020 er sjøfronten, for 2030 er eventuell utbygging på vestsida av Straumssundet teken med

Posten "andre" i tabellen inneheld kapasiteten i den gjeldande arealplanen for heile kommunen. I 2030 er Bildøyna teken med i tillegg til lik vekst som i dagens kommuneplan. Det er rekna med 2400 bustader per 10-årsperiode. I den siste perioden, 2020 til 2030, kjem "Bildøybyen" i tillegg inn, med ca 2500 bustadeiningar.

Det er klart at når desse planane vert realiserte, vil det føra til behov for stor auke i skulekapasiteten på Straume og Bildøyna. Det kan vera at ulike aldersgrupper flyttar inn i dei ulike bustadene som vert bygde i området. Med den informasjon ein har, må ein kunne anta at det vil likne på den aldersfordelinga ein har i bustadene elles i Fjell kommune. Ved utbygging vil det leggjast vekt på å få ulike aldersgrupper til "Straumebyen".

Vekst i andre område enn Straume

I Skuleområde Sør er det særleg Bjørøyna og Kolltveit som har potensiale for framtidig høg prosentvis vekst i folketalet. Her ligg det fleire planlagde bustadfelt som raskt kan realiserast. Særleg Kolltveit har i seinare tid fått godkjent store utbyggingsfelt som kan realiserast i planperioden. Bjørøyna er knytt til Bergen gjennom eigen tunnel. Dette gjer Bjørøyna relativt upåverka av kø i eksisterande vegsamband, noko som kan auka presset på bustadbygginga og auken i folketalet. Veksten i Ågotnes og Landro skuleområde vil truleg halda fram. Det er også planlagt bustader som kan føra til vekst i elevtal ved Ulveset og Skålevik skular.

5.7.2 Elevantalprognosar i barneskulen fordelt på inntaksområde

Føresetnader:

Det er nytta same elevantalframskriving som under kapittel 5.5, det vil seie framskrivinga til Statistisk sentralbyrå med høgast vekst. Dette alternativet har vist seg å stemma bra med utviklinga i Fjell. Den planlagde utviklinga av Straume by talar for at prognosen ikkje er for optimistisk.

Vi bryt ned tala for heile Fjell kommune, som framskrivinga til Statistisk sentralbyrå er laga for, basert på godkjende og planlagde bustader i Fjell. Når elevantalendringa er positiv, får eit område høgare vekst i elevantal dess fleire godkjende/planlagde bustader området har. Når elevantalendringa er negativ, får eit område mindre nedgang i tal elevar dess fleire godkjende / planlagde bustader området har. Vi viser til vedlegg 3 som framstiller korleis utrekninga er gjennomført. Her blir resultatet av framskrivinga vist i tabell.

Elevantalendring frå skuleåret 2010/11

	Elevar 2009- 2010	Elevar 2010- 2011	Kap- asitet	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	Elevar 2020	Over- under kap. år 2020
Ulveset	223	227	392	0	1	0	3	4	5	8	10	14	241	151
Skålevik	97	90	100	0	1	0	3	4	5	7	10	13	103	-3
Syltøy	20	20	45	-3	0	0	0	0	1	1	1	1	21	24
Algrøy	28	29	45	-1	0	0	0	0	0	0	0	1	30	15
Ågotnes	227	230	392	0	1	1	3	5	7	10	13	17	247	145
Knappskog	205	185	300	0	1	1	0	0	0	1	1	1	186	114
Landro	184	194	175	0	1	1	2	3	5	6	9	11	205	-30
Misje	47	48	65	-1	0	0	0	0	0	1	1	1	49	16
Kolltveit	176	174	200	-1	0	0	4	6	8	11	15	19	193	7
Ekerhovd	109	103	115	-2	0	0	0	0	0	0	0	1	104	11
Tellnes	71	61	100	0	1	0	0	0	1	1	1	1	62	38
Brattholmen	269	266	350	0	1	1	2	2	3	4	6	8	274	76
Liljevatnet	180	178	300	0	1	0	1	1	2	2	3	4	182	118
Foldnes	330	333	360	0	1	1	0	0	0	0	0	0	333	27
Bjørøy*	109	109	119	1	2	4	4	5	5	6	7	9	118	1
Hjelteryggen	191	196	200	-1	0	0	0	0	0	0	0	0	196	4
Straume				0	1	1	31	44	61	85	117	151	151	

*Vi har valt å behandla Bjørøy skule spesielt i desse prognosane, da KPU den 14.9.2010 har gjeve klarsignal for bygging av 28 nye bustader. Bjørøyna skil seg ut ved at ein ikkje har fleksibilitet i høve mogleg elevinntak i alternative skular, samt nærleik til Bergen og attraktivitet knytt til dette. I Fjell tilsvaer gruppa 6-12 åringar 11,4 % i 2010. Nyttar vi denne delen for dei nye bustadene på Bjørøyna, vert det tre fleire elevar på Bjørøy skule. Desse fører vi som tillegg til det resultatet som kjem av dei generelle framskrivingsføresetnadene.

Fram til og med år 2014, er prognosen basert på godkjente bustader i perioden 2007-20.4.2010. Frå og med 2015 er det basert på planlagde bustader som arealeininga hos Plan- og

bygningssjefen kan anslå i dag, ut frå dei planane som ligg føre. Frå år 2015 kjem "Straumebyen" for fullt med i prognosane.

Det bør understrekast at slike prognosar vil vera usikre. Prognosen for heile kommunen må sjåast på som langt meir sikker. For små inntaksområde vil berre det at nokre barnefamiliar flyttar til eller frå området, føre til merkbare endringar. Det er vanskeleg å føreseie dette. Modellen her seier likevel noko om mønstret på kvar dei største elevtalsendringane vil kome.

Det ein kan seie med rimeleg sikkerheit, er at i den næraste planperioden dei neste 4 åra, fram til og med år 2014, vil det ikkje vera kapasitetsproblem i skulen. Det ser ein av dei faktiske elevtala samanlikna med kapasitetstala. Det er likevel noko underkapasitet på Landro. Framskrivinga lengre fram i tid er meir usikker. Denne er basert på planlagde bustader, og der den planlagde utviklinga av Straume by får mykje å seie. Det er basert på planlagde bustader, saman med elevtalsprognosar, her venta ein elevtalsvekst på 151 frå dagens nivå i år 2020. Denne utviklinga kan verte både større og mindre enn dette.

Går vi ut frå at framskrivinga til Statistisk sentralbyrå er i samsvar med det som skjer, vil utviklinga vera avhengig av om dei som flyttar til Straume kjem frå andre område enn Fjell kommune. Kjem dei i stor grad frå andre område i kommunen, kan dette føra til nedgang i elevtal i andre skulekrinsar, og ein større vekst i Straumeområdet. På same måte som Bergen har positiv verknad på folketalet i Fjell, kan utvikling av ein by på Straume også føra til folketalsvekst i andre deler av kommunen.

Eit anna tilhøve er om utviklinga av Straume by fører til ein sterkare vekst i elevtala til Fjell kommune, enn prognosane til Statistisk sentralbyrå. Men sidan vi baserer oss på høg vekst alternativet, motverkar det ein slik effekt. Vi har sett lågare folketalsvekst enn vanleg i Fjell kommune dei siste åra.

Framskrivinga, med dei føresetnadene som vert lagt til grunn, tilseier at det ikkje vert nedgang i elevtal i områda på lengre sikt, pga at det totale elevtalet veks frå dagens nivå. For ein kommune som Fjell med god utvikling over lang tid, med gode føresetnader for vekst, nærleik til Bergen, god næringsutvikling m.m., treng ikkje dette vera urealistisk. Som ein ser i kapittel 5.3, så auka dei fleste skulane i elevtal dei siste 10 åra. Men ein må vera merksam på dei områda som er utsett med omsyn til elevtalsnedgang og skulestorleik, spesielt Syltøyna og Algrøyna. Det var berre barneskulane på Algrøyna, Syltøyna og Hjelteryggen som gjekk sterkt tilbake i elevtal dei siste 10 åra, jf. kapittel 5.3. Framskrivinga viser ikkje potensiale for vekst av verdi i elevtal her, og den kan snu og bli negativ. Men ein ser at elevtala ved Algrøy og Syltøy skular er stabile frå dette skuleåret til det neste.

Kollonna heilt til høgre viser kapasitetselevtalet i 3. kolonne fråtrekt det prognostiserte elevtalet i år 2020. Når dette talet er positivt er det overkapasitet, det vil seie at skulen har plass til fleire elevar enn det som er prognostisert. Ein ser at for dei fleste skulane er dette talet positivt. Dette seier noko om at skuleutbyggingane dei seinare åra har gjeve - og vil gje - god skulekapasitet ved dei fleste skulane i åra framover.

Framskrivinga tilseier at det på lengre sikt truleg vil vera behov for ein ny barneskule i Straumeområdet. Denne bør truleg vera ferdig i perioden 2016-2018. Men sjølvsagt vil ein eventuell auke av inntak av barneskuleelevar på Danielsen få noko å seie her. For dei andre områda kan ein handtere den venta veksten innanfor dagens skulekapasitet.

Kunne vi stole på framskrivne data i førre skulebruksplan?

Når ein nyttar statistiske prognosar for å kunne seie noko om framtida er det alltid ein risiko for at ein ikkje treff med estimata. I førre plan estimerte kommunen at elevgruppa om 9 år (2007/8) ville utgjere 3424 elevar, og det faktiske talet var 3455. Planen treffe med andre ord veldig godt, og avviket var på under 1%, eller eit treff på om lag 99% i høve til den totale elevmassen. Når det gjeld klasseskippnaden, gjekk ein ut frå at behovet for skuleåret 2007-08 ville vera om lag 169 klassar, medan det faktiske talet vart 182. Eit avvik på 7,7% eller eit treff på om lag 92,3%. Skulebruksplanen rekna ikkje klasseauke grunna språkdelling inn i prognosegrunnlaget.

5.7.3 Elevtalsprognosar i ungdomsskulen fordelt på inntaksområde

Det er same føresetnader for framskrivinga av elevtal i ungdomsskulen som for barneskulen. Sjå også vedlegg 3.

Endring frå faktisk elevtal i skuleår 2010/2011 i prognosane													
Ungdomsskule	Elevar 2010-2011	Kapasitet	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	Elevar 2020	Over- under kap. år 2020
Fjell	490	504	-7	-38	-37	-38	-33	-37	-36	-35	-31	459	45
Tranevågen	487	487	-9	-50	-50	-51	-44	-50	-48	-47	-42	445	42
Sum	977		-16	-88	-87	-89	-77	-87	-84	-82	-73	904	87

For ungdomsskulane er det venta ein samla nedgang på 73 elevar frå skuleåret 2010-11 til år 2020. Nedgangen vert noko sterkare på Tranevågen enn for Fjell ungdomsskule. Dette har samband med at det er venta ei større folketalsutvikling i Straumeområdet enn i områda som soknar til Tranevågen ungdomsskule. I og med at det ikkje er kapasitetsproblem per i dag ved skulane, tilseier framskrivinga at det heller ikkje vert kapasitetsproblem i åra framover, sidan elevtalet er venta å gå ned.

Kap 6 Andre forhold

6.1 Fjell kulturskule

Opplæringslova pålegg kommunane, åleine eller i samarbeid med andre kommunar, å ha eit musikk- og kulturskuletilbod til barn og unge. Fjell kulturskule vart oppretta i 1978 som *Fjell kommunale musikkskule*. Frå 2008 har kulturskulane i Fjell, Sund og Øygarden hatt felles administrasjon, noko som har ført til større stabilitet, betre kompetanse og høgare stillingsstorleik hjå mange lærarar. Fjell kulturskule har i dag ansvaret for Den kulturelle skulesekken i Fjell kalla *Fjellsekken*, Den kulturelle spaserstokken, og Ungdommens Kulturmonstring. Kulturskulen har sitt eige hus, Kulturskulehuset i Knarrevika.

Fjell kulturskule gjev eit variert opplæringstilbod i rundt 15 ulike lokale i kommunen, og om lag 900 barn og unge får del i tilbodet. Det er i dag om lag 25 elevar på venteliste til kulturskulen. Tilbodet ved Fjell kulturskule er fordelt på musikk, drama, visuell kunst og dans.

I 2007 blei Fjell kulturskule vald til Hordaland sin representant til årets "Demonstrasjonskulturskule". Senter for musikk og glede starta opp 2009, og i 2010 representerte Fjell kommune Hordaland i tevlinga om "Årets kulturskulekommune 2010". ... og vann! Under landsmøtet i Norsk kulturskuleråd vart Fjell kommune kåra til årets kulturskulekommune, ein pris som vert tildelt kommunar som gjennom sin kulturskuleverksemd viser at den prioriterer tilbodet særleg høgt, og som kan tene som føregangskommune overfor andre.

Gjennom Kulturløftet II (2010-2014) skal kulturskulane sikrast ved statlege stimuleringsmidlar og solid kommuneøkonomi. Vidare skal samarbeid mellom kulturskule og Skulefritidsordning (SFO) vera med å gje kulturskuletilbod til fleire barn, og auke kvaliteten i SFO. Det vert løyva øyremerka midlar (40 mill. kroner i 2010) til å utvikla nye kulturskuletilbod og setje i gang lokale forsøk med kulturskule i SFO. Kommunane Fjell, Sund, Øygarden og Askøy har i dag eit godt interkommunalt samarbeid.

6.2 Skulefritidsordning (SFO)

Opplæringslova pålegg kommunane å ha eit tilbod om skulefritidsordning før og etter skuletid for 1.-4. årstrinn. Skulefritidsordninga skal leggja til rette for lek, kultur og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hjå barn, og skal gje barna omsorg og tilsyn. I juni 2010 vedtok Stortinget endring i forskrift til opplæringslova om lovfesta plikt for kommunane til å ha tilbod om gratis leksehjelp på 1.-4. årstrinn. Tilbodet skal vera frivillig for elevane.

Fjell kommune har i dag tilbod om SFO ved 16 skular. Storleiken på brukargruppa varierer frå 6 elevar ved Syltøy skule til 105 elevar ved Foldnes skule. Nye vedtekter gjeldande frå 1. april 2010 sikrar mellom anna alle barn i første til fjerde trinn plass i SFO etter søknad. Endringa inneber at det ikkje er naudsynt å søkja om plass kvart år. Opplæringslova gjev kommunen høve til å krevje utgiftene til SFO dekte gjennom eigenbetaling frå foreldra. I Fjell kommune ligg eigenbetalinga i dag på kr 1650 for heil plass (endra 1. januar 2011) og kr 1250 for halv plass. I den politiske plattformen er FrP, H og KrF samde om m.a. at prisen på SFO skal reduserast til kr 1500 per måned. I desember 2007 vedtok kommunestyret å setja ned eit utval for å undersøkja moglege alternative løysingar til den kommunale SFO-ordninga. Ei politisk arbeidsgruppe har levert innstilling i saka.

Arbeidet med kompetanseutvikling ved skulane i Fjell inkluderer tilsette i SFO, og dei deltek i Fjell kommune sitt klasseleingsprosjekt. Hausten 2009 deltok personell og assistentar i heile kommunen på kurs i klasseromsleing eller på assistentkurs. Vidare vil skulesjefen i Fjell kommune gjennomføra ei skulering av alle SFO-tilsette hausten 2010. Her vil m.a. arbeidsglede og innhald i SFO-kvardagen vera tema.

SFO har mange og utfordrande oppgåver framfor seg. Frå hausten 2010 skal kommunen og SFO følgja opp forskriftsendringa som gjev elevar i 1-4 klasse rett på gratis leksehjelp i SFO. Personell og assistentar i SFO har mykje kompetanse som det vil vera viktig å nytta i denne samanhengen. SFO skal også vera ein samarbeidspart for Fjell kulturskule i arbeidet med å etablere tilbod om kulturskuleaktivitetar i SFO.

6.3 Uteområda ved skulane

I Skulebruksplan 2000-2003 vart det peika på behovet for opprusting av uteområda ved fleire skular. Over investeringsprogrammet sette kommunestyret av totalt 15. mill. kroner til **kvalitetsforbetring av skuleanlegga**. Avsetnaden vart fordelt over tre år; 2004, 2005 og 2006. Det vart også løyvt 2,5 mill. kroner til føremålet i 2008. Midlane vart tildelt etter søknad frå skulane. Ved tildelinga vart det lagt vekt på brei deltaking ved skulen (foreldreutval, elevråd, skuleleiing). Innkjøp av inventar (stolar, pultar, PC o.l.) vart trekt ut av søknadene.

Kommunedelplan Idretts- og friluftsliv 2005-08 sette behova for oppgradering av uteområda ved skulane i samanheng med Handlingsprogrammet til nærmiljøanlegg (2004-2007), og har samordna dette med Skulebruksplan 2000-2003. Det vart difor satsa på utbygging av nærmiljøanlegg ved uteområda til skulane (12 av 16 tiltak).

Satsinga på uteområda ved skulen (nærmiljøanlegg), gjennom kommunedelplan for Idretts- og friluftsliv har gjort skulane i Fjell godt rusta til å møte nye sentrale føringar for fysisk aktivitet i skulekvardagen.

Hausten 2009 vart det innført obligatorisk fysisk aktivitet i grunnskulen i tillegg til faget kroppsøving. Sentralt her står tilrettelegging av attraktive inne- og uteområde med aktivitetsskapande utstyr. Obligatorisk fysisk aktivitet i grunnskulen vert knytt til førebyggjande og helsefremjande tiltak i skulen. Forsking viser dessutan at det er ein samanheng mellom attraktive uteområde på ein skule og redusert mobbing og hærverk. Slik ser ein også eit forhold mellom fysisk skulemiljø (inne og ute) og åtferd hos elevane (sosial og fysisk).

6.4 Trafikktryggleik – gå til skulen og fysisk aktivitet

Ei trygg reise til og frå skulen er viktig for barna, og for at foreldra ikkje skal uroe seg over manglande tryggleik på skulevegen. Fjell kommune har ein vedteken kommunedelplan for trafikksikring. Ei rekkje av tiltaka i denne planen går på å auka tryggleiken for skuleelevar. Det står i planen at strategien til Fjell kommune først og fremst er å fokusera på barn og unge, det vil seia å sjå konkret på skulevegane i kommunen, då det er på skulevegen at ungane får egne erfaringar som trafikantar. Ein ønskjer at desse erfaringane skal vera så trygge som råd er. Ved fleire skular er fartsgrensa sett ned, og det er bygd fartsdumpar. Denne skule- og utdanningsplanen vil ikkje koma med nye forslag til konkrete tiltak for trafikktryggleik, men viser til dei tiltaka som er med i trafikktryggleiksplanen.

I følgje Helsedirektoratets sin nettstad vert 23 % av barna kjørt i bil til skulen. Ifølgje Helse- direktoratet har alle barn godt av å bevega seg minst ein time om dagen. Å bruka beina eller sykkelen til skulen, er ein fin måte å få mosjon på. Det er ein klar samanheng mellom kor aktiv ein er i skulealderen og korleis helsa vert seinare i livet. For eksempel er sjukdomar som type 2-diabetes, beinskjørleik og hjerte- og karsjukdomar, ofte eit resultat av for lite fysisk aktivitet. Aktive barn får også betre motorikk, og konsentrerer seg betre når det er tid for å

læra. I eit folkehelseperspektiv er det dermed viktig å leggja til rette for at barna går eller sykklar til og frå skulen.

Det er ikkje berre på grunn av betre helse elevane bør gå til skulen. Barn som vert køyrt, vil ikkje læra seg trafikkreglene på same måte som dei som sjølv må navigere i trafikkbildet til fots eller på sykkel. Frå tolvårsalderen kan barna sykle åleine til skulen. Barn har forskjellig utgangspunkt for å forstå trafikkbildet, og sykkelforholda varierer. Det har difor stor betydning at barna får opplæring og trening i trafikkreglar. Dette kan dei få mellom anna gjennom nettstaden til Trygg Trafikk.

Helsedirektoratet sine råd til foreldre som har barn som skal gå til skulen:

Råd til foreldre:

- Gå til skulen saman med barna, då lærer dei gradvis å bevege seg trygt i trafikken
- Er tida knapp om morgonen, kan fleire foreldre gå saman om ei følgeordning der ein vaksen følgjer fleire barn.
- Skal barna begynne å gå sjølve, bør dei gå skulevegen saman nokre gonger først. Gå bak barna og observer at dei veit kva dei skal passe på.

Denne skuleplanen vil leggja vekt på auka fysisk aktivitet for barn, både gjennom trafikktryggleikstiltak og auka motivasjon og organisering for å gå til og frå skulane.

Kap 7 Mål og tiltak

Mål og tiltak knytt til kap 1 - Bakgrunn

Mål 1.1: Revitalisera skulen sine styrings- og samarbeidsorgan, og utvikla skulen som arena for samarbeid og demokratiforståing

Tiltak 1: Det skal arrangerast ein årleg konferanse i oktober for samarbeidsutvala (SU) ved skulane. Føremålet med konferansen er å gje SU-medlemmene opplæring i SU si rolle, påverknadsmoglegheiter og plikter.

Tiltak 2: Det skal arrangerast eit årleg kurs i oktober for elevråda ved skulane, der dei får opplæring i skulen sine styrings- og samarbeidsorgan, elevråda si rolle (rettar og pliktar), påverknadsmoglegheiter og korleis dei kan målbera saker for skuleleiinga. Informasjon om det politiske systemet i kommunen og Ungdommens kommunestyre skal vera ein del av kurset.

Tiltak 3: Ordninga med kvalitetsforbetringsmidlar vert vidareført i åra framover. Komité for drift vedtek retningsliner og løyver midlar ut frå søknad frå skulane, som søker om midlar til ulike prosjekt, ut frå prioriteringar som elevar, føresette og skulen gjer saman.

Mål og tiltak knytt til kap 3 - Kvalitet og innhald i skulen

Skuleeigar er av den oppfatting at skulane i Fjell er på eit godt spor. Tidlegare var det mykje uheldig vingling. Dei mål og tiltak som ligg inne i handlingsprogrammet om kvalitet og innhald i skulen, er gode, noko som også stemmer med analysen i denne planen. Dette er styringsgruppa samde i. Det er ikkje noko mål i seg sjølv å koma med nye mål og tiltak. Mål og tiltak som vert presentert her vil difor byggja på handlingsprogrammet.

Mål 3.1 Tilpassa opplæring, bygd på trivsel og tryggleik, skal prega heile skulen si verksemd

Tiltak 1: Det skal satsast særleg på lese- og skriveopplæring i heile skuleløpet. I tillegg kjem realfag på 5. trinn, 7. trinn og på ungdomstrinnet.

Tiltak 2: Fjell kommune innfører SOL (Systematisk Observasjon av Lesing) på alle trinn hausten 2010.

Tiltak 3: Utvikling av tydelege vaksne i skulen. Særskilt skal læraren si rolle som klasseleiar vektleggjast. Kompetanseheving i klasseleiing gjennom kurs og nettverk.

Tiltak 4: Alle elevar på ungdomstrinnet skal ha ei partnerskapsbedrift og vera i gang med praksisnær undervisning i heile planperioden. Alle barneskuleelevar skal vera i gang med eit samarbeidsprosjekt med lokalt næringsliv og praksisnær undervisning i heile planperioden.

Tiltak 5: Vidareutvikling av praksisnær undervisning i samarbeid med Gode Sirklar, Sund og Øygarden kommunar.

Mål 3.2 Vurdering for læring skal ha fokus i heile skulen si verksemd

Tiltak 1: Alle skular i Fjell vert vurdert av eksterne skulerettleiarar.

Tiltak 2: Alle skular skal ha implementert system for elevvurdering i tråd med ny forskrift om individuell vurdering.

Mål 3.3 Det skal satsast på å styrkja den faglege kompetansen, særleg innan lesing, skriving, realfag og praksisnær undervisning i heile grunnskulen

Tiltak 1: Lærarar på barne- og ungdomssteget skal sikrast økonomisk støtte til å gjennomføra vidareutdanning innan realfag, lese- og skriveopplæring, spesialpedagogikk og rådgjeving.

Tiltak 2: Nettverk innan ulike område skal vidareførast.

Mål og tiltak knytt til kap 4 Livsløpsskulen

Mål 4.1 Gje barn og unge ei heilskapleg opplæring frå barnehage til vidaregåande opplæring, med vekt på gode overgangar og god rettleiing.

Tiltak 1: Skuleeigar skal utvikla eit rutinedokument som gjer greie for aktørar, handlingar, tidsrammer og ansvar knytt til overgangane i opplæringssystemet vårt, og som inkluderer nivåa barnehage, barneskule, ungdomsskule og vidaregåande skule.

Elevar med nedsett funksjonsevne og/eller psykisk utviklingshemming må særleg takast i vare i rutinedokumentet.

Mål 4.2 Gje vaksne innbyggjarar som treng det god informasjon og opplæring knytt til grunnskulenivå (basiskompetanse) og norskopplæring

Tiltak 1: Kommunen skal laga ein informasjonsbrosjyre til bedrifter og publikum om rettar, plikter og ulike stønadsprogram knytt til opplæring for vaksne.

Tiltak 2: Gjennomføre ei utgreiing knytt til interkommunalt samarbeid om vaksenopplæring på grunnskulenivå (basiskompetanse) og norskopplæring med fokus på høve til å styrkje tilbodet og fagmiljøa.

Mål 4.3 Vidareføring/vidareutvikling av høgskuletilbodet innanfor undervassteknologi i kommunen

Tiltak 1: Arbeide for statleg fullfinansiering av 50 studieplassar i undervassteknologi.

Tiltak 2: Sikra studiet undervassteknologi permanente undervisningslokale i Fjell kommune - på Straume.

Tiltak 3: Arbeida for etablering av Masterstudiet i undervassteknologi ved Høgskulen i Bergen med

undervisningslokale i Fjell kommune - på Straume.

Mål 4.4 Styrkje dialogen mellom alle utdanningsnivåa i kommunen og næringslivet

Tiltak 1: Kommunen skal ta initiativ til etablering av eit dialogforum med dei vidaregåande skulane og den regionale høgskuleutdanninga i kommunen. Andre deltakarar skal bli vurdert, t.d. Vest næringsråd og Fjell idrettsråd. Føremålet er å sjå heilskapleg på utdanningstilboda og næringslivet sitt behov for kompetanse.

Mål og tiltak knytt til kapittel 6 Andre forhold

Mål 6.1 Gje fleire barn i kommunen tilbod om aktivitetar knytt til kulturskulen

Tiltak 1: Gje skulebarn i 1-4 klasse tilbod om kulturskuleaktivitetar i tilknytning til SFO. Tiltaket bør setjast i samanheng med statlege stimuleringsmidlar knytt til Kulturløftet II.

Mål 6.2 Alle barn skal ha trygge skuleveggar

Tiltak 1: Tiltak vedtatt i trafikksikringsplanen skal så langt som mogleg innarbeidast som rekkefølgjekrav i store reguleringsplanar.

Mål 6.3 Leggja til rette for at barn går/syklar til - frå skulen i eit folkehelseperspektiv

Tiltak 1: Engasjera skule, foreldreutval og elevar til å organisera eit samarbeide om å kunna gå/sykle til og frå skulane .

Prioritering av fysiske utbetringar i skulane

Skuleleiarane i Fjell kommune har, på oppdrag frå styringsgruppa, lista opp utfordringar og naudsynte tiltak for å skapa ein god fysisk standard ved skulane. Med basis i dette har styringsgruppa kome fram til ei prioriteringsliste inndelt i omfattande tiltak, mindre omfattande tiltak og vedlikehald. Liste med prioritering i nummerert rekkefølge er slik:

Prioritering tiltak:

Omfattande tiltak:	Mindre omfattande tiltak	Vedlikehald	Tiltak starta / Ferdig
1.Skålevik skule, omfattande oppgradering	1. Ekerhovd skule, lærararbeidsplassar	1. Misje skule, skifte vindauge	Brattholmen skule, tilbygg ferdig 2011
2.Bjorøy skule, tilbygg pga. auke i elevtal	2. Tellnes skule, lærararbeidsplassar	2. Fjell Ungdomsskule, arbeidsplassar	Hjelteryggen skule, tilbygg ferdig 2011
3. Foldnes skule, oppgradering	3.Ulveset, tilpassing til barnetrinn		Knappskog skule, ny 2009
4. Landro skule, eit klasserom og lærararbeidsplassar	4. Ågotnes, tilpassing til barnetrinn		Tranevågen, ny 2010
5. Ny skule på Straume	5. Syltøy skule, utbetring arbeidsrom og personalrom.		Liljevatnet, ny 2007
	6. Kolltveit skule, formingsrom		
	7. Algrøy skule, ventilasjon gamlebygget		
	8. Fjell kulturskule, lydisolering, universell utforming		

Vedlegg 1: Utdrag frå Opplæringslova

§ 1-1. Formålet med opplæringa

Opplæringa i skule og lærebedrift skal, i samarbeid og forståing med heimen, opne dører mot verda og framtida og gi elevane og lærlingane historisk og kulturell innsikt og forankring.

Opplæringa skal byggja på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgjeving, likeverd og solidaritet, verdiar som òg kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettane.

Opplæringa skal bidra til å utvide kjennskapen til og forståinga av den nasjonale kulturarven og vår felles internasjonale kulturtradisjon.

Opplæringa skal gi innsikt i kulturelt mangfald og vise respekt for den einskilde si overtyding. Ho skal fremje demokrati, likestilling og vitskapleg tenkjemåte.

Elevane og lærlingane skal utvikle kunnskap, dugleik og haldningar for å kunne meistre liva sine og for å kunne delta i arbeid og fellesskap i samfunnet. Dei skal få utfalde skaparglede, engasjement og utforskartrong.

Elevane og lærlingane skal lære å tenkje kritisk og handle etisk og miljøbevisst. Dei skal ha medansvar og rett til medverknad.

Skulen og lærebedrifta skal møte elevane og lærlingane med tillit, respekt og krav og gi dei utfordringar som fremjar danning og lærelyst. Alle former for diskriminering skal motarbeidast.

§ 2-1. Rett og plikt til grunnskuleopplæring

Barn og unge har plikt til grunnskuleopplæring, og rett til ein offentleg grunnskuleopplæring i samsvar med denne lova og tilhøyrande forskrifter. Plikten kan ivaretakast gjennom offentleg grunnskuleopplæring eller gjennom anna, tilsvarande opplæring.

Retten til grunnskuleopplæring gjeld når det er sannsynleg at barnet skal vera i Noreg i meir enn tre månader. Plikta til grunnskuleopplæring byrjar når opphaldet har vart i tre månader. Departementet kan i særlege tilfelle frita elevar frå denne plikta.

Grunnskuleopplæringa skal til vanleg ta til det kalenderåret barnet fyller 6 år. Dersom det etter sakkunnig vurdering er tvil om barnet er komme tilstrekkeleg langt i utviklinga si til å starte i skulen, har barnet rett til å utsetje skulestarten eitt år dersom foreldra krev det. Etter sakkunnig vurdering og med skriftleg samtykke frå foreldra kan kommunen i særlege tilfelle vedta å utsetje skulestarten eitt år. Dersom foreldra søker om det eller samtykkjer, kan kommunen etter sakkunnig vurdering la eit barn ta til på skulen eitt år før når det innan 1. april har fylt 5 år.

Retten og plikta til opplæring varer til eleven har fullført det tiande skuleåret. Etter sakkunnig vurdering og med skriftleg samtykkje frå foreldra kan kommunen heilt eller delvis vedta å frita ein elev for opplæringsplikta dersom omsynet til eleven tilseier det.

Dersom ein elev utan å ha rett til det har fråvære frå den pliktige opplæringa, kan foreldra eller andre som har omsorg for eleven, straffast med bøter dersom fråværet kjem av at dei har handla forsettleg eller aktaust. Offentleg påtale blir ikkje reist utan når kommunen set fram krav om slik påtale.

§ 2-3. Innhald og vurdering i grunnskuleopplæringa

Grunnskuleopplæringa skal omfatte religion, livssyn og etikk, norsk, matematikk, framandspråk, kroppsøving, kunnskap om heimen, samfunnet og naturen, og estetisk, praktisk og sosial opplæring. Ein del av undervisingstida etter § 2-2 kan brukast til fag og aktivitetar som skulen og elevane vel, til leirskuleopplæring og til opplæring på andre skolar eller på ein arbeidsplass utanfor skulen. Kommunane avgjer sjølv korleis timar ut over minstetimetallet gitt i forskrifter etter § 2-2 skal brukast.

Grunnskulen er delt i eit barnetrinn og eit ungdomstrinn. Barnetrinnet omfattar 1.-7. årstrinn og ungdomstrinnet omfattar 8.-10. årstrinn.

Departementet gir forskrifter om fag, om mål for opplæringa, om omfanget av opplæringa i faga og om gjennomføringa av opplæringa. Departementet gir forskrifter om aktivitetar som ikkje er opplæring i fag. Departementet gir forskrifter om vurdering av elevar og privatistar og om klage på vurderinga, om eksamen og om dokumentasjon.

Elevane skal vera aktivt med i opplæringa. undervisingspersonalet skal tilretteleggja og gjennomføre opplæringa i samsvar med læreplanar gitt etter lova her. Rektor skal organisere skulen i samsvar med første leddet og forskrifter etter tredje leddet og i samsvar med § 1-1 og forskrifter etter § 1-5.

Etter søknad frå kommunen kan departementet gi ein skule løyve til avvik frå første leddet og frå forskrifter om læreplanar dersom kravet til opplæringa samla ikkje blir mindre. Før slikt løyve blir gitt, må det liggje føre fråsegn frå samarbeidsutvalet.

§ 4A-1. Rett til grunnskuleopplæring for vaksne

Dei som er over opplæringspliktig alder, og som treng grunnskuleopplæring, har rett til slik opplæring, så langt dei ikkje har rett til vidaregåande opplæring etter § 3-1. Retten til opplæring omfattar til vanleg dei faga ein treng for å få vitnemål for fullført grunnskuleopplæring for vaksne. Opplæringa skal tilpassast behovet til den enkelte.

Opplæringa og undervisningsmateriellet er gratis.

§ 4A-2. Rett til spesialundervisning på grunnskuleområdet

Vaksne som ikkje har eller som ikkje kan få tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet for vaksne, har rett til spesialundervisning.

Vaksne som har særlege behov for opplæring for å kunne utvikle eller halde ved like grunnleggjande dugleik, har rett til slik opplæring.

For opplæring etter denne paragraf gjeld § 5-1 andre ledd bortsett frå siste punktum, og §§ 5-3, 5-4, 5-5 og 5-6 tilsvarande.

§ 4A-3. Rett til vidaregåande opplæring for vaksne

Vaksne som har fullført grunnskulen eller tilsvarande, men som ikkje har fullført vidaregåande opplæring, har etter søknad rett til vidaregåande opplæring. Første punktum gjeld vaksne frå og med det året dei fyller 25 år. Opplæringa for vaksne skal tilpassast behovet til den enkelte. Retten kan oppfyllast mellom anna ved fjernundervisningstilbod. Departementet gir nærmare forskrifter, mellom anna om kven retten omfattar, om inntak, rangering og førerett.

Vaksne som er tekne inn til vidaregåande opplæring, har rett til å fullføre opplæringsløpet. Dette gjeld sjølv om dei ikkje har rett til vidaregåande opplæring etter første leddet.

I fag der læreplanen føreset lengre opplæringstid enn tre år, har dei vaksne rett til opplæring i samsvar med den opplæringstida som er fastsett i læreplanen.

Opplæringa i offentleg vidaregåande skule eller i lærebedrift er gratis. Fylkeskommunen har ansvaret for å halde vaksne som får vidaregåande opplæring, med nødvendige trykte og digitale læremiddel og digitalt utstyr. Vaksne som får vidaregåande opplæring, kan ikkje påleggjast å dekkje nokon del av utgiftene til dette utover det som følgjar av forskrift. Fylkeskommunen kan påleggja vaksne som får vidaregåande opplæring, å halde seg med anna individuelt utstyr som opplæringa til vanleg gjer det nødvendig å ha. Departementet kan gi nærmare forskrifter.

Vaksne som har rett til vidaregåande opplæring har rett til vurdering av realkompetansen sin og til kompetansebevis. Personar som ikkje har rett til vidaregåande opplæring, skal få vurdert realkompetansen sin om dei blir vist til dette av kommune eller Arbeids- og velferdsetaten. Departementet kan gi nærmare forskrifter.

Fylkeskommunen skal gi kompetansebevis på grunnlag av realkompetansevurdering på vidaregåande opplærings nivå. Departementet kan gi nærmare forskrifter.

§ 4A-4. Kommunen og fylkeskommunen si plikt til å sørge for grunnskuleopplæring og vidaregåande opplæring for vaksne

For opplæringa etter dette kapitlet gjeld §§ 13-1 til 13-3a og 13-10.

Kommunen og fylkeskommunen kan nytta studieforbund, godkjente nettskolar og andre som gir tilbod om grunnskuleopplæring og vidaregåande opplæring for å oppfylle plikta til å gi opplæring til vaksne.

Kommunen og fylkeskommunen har ansvaret for at vaksne får dokumentert opplæringa som dei har gjennomført.

Kommunen og fylkeskommunen skal leggja til rette for at vaksne som får opplæring etter dette kapitlet, får høve til å ta aktivt del i arbeidet med å fremje eit godt læringsmiljø og utdanningstilbod.

Departementet gir nærmare forskrifter om vurdering, om klage på vurdering, om eksamen og om dokumentasjon.

§ 7-1. Skyss og innlosjering i grunnskulen

Elevar i 2.-10. årstrinn som bur meir enn fire kilometer frå skulen har rett til gratis skyss. For elevar i 1. årstrinn er skyssgrensa to kilometer. Elevar som har særleg farleg eller vanskeleg skuleveg har rett til gratis skyss utan omsyn til veglengda.

Når det er nødvendig, har elevar rett til gratis båttransport utan omsyn til reiselengda.

Departementet gir nærmare forskrifter om tryggleiken til elevane under skuleskyssen.

Kommunen skal innlosjere elevar når dagleg skyss ikkje er forsvarleg. I vurderinga skal det særleg leggjast vekt på forhold som gjeld den enkelte eleven, til dømes alder, funksjonshemming, reisetid og tryggleik, og om dagleg skyss fører til ekstraordinære kostnader eller vanskar for kommunen. I tvilstilfelle avgjer foreldra om eleven skal skyssast eller innlosjerast.

Kommunen fører tilsyn med grunnskuleelevar som er innlosjerte.

§ 8-1. skulen

Grunnskuleelevane har rett til å gå på den skulen som ligg nærast eller ved den skulen i nærmiljøet som dei soknar til. Kommunen kan gi forskrifter om kva for skule dei ulike områda i kommunen soknar til. Kravet i § 38 første leddet bokstav c i forvaltningslova om kunngjering i Norsk Lovtidend gjeld ikkje.

Etter søknad kan eleven takast inn på annan skule enn den eleven soknar til.

Når omsynet til dei andre elevane tilseier det, kan ein elev i særlege tilfelle flyttast til ein annan skule enn den skulen eleven har rett til å gå på etter første leddet. Før det blir gjort vedtak om å flytte ein elev, skal ein ha prøvd andre tiltak. Når det er nødvendig, kan eleven flyttast til ein skule utanfor kommunen, men ikkje slik at eleven må flytte ut av heimen eller at skuleskyssen blir uforsvarleg lang.

§ 8-2. Organisering av elevane i klassar eller basisgrupper

I opplæringa skal elevane delast i klassar eller basisgrupper som skal vareta deira behov for sosialt tilhør. For delar av opplæringa kan elevane delast i andre grupper etter behov. Til vanleg skal organiseringa ikkje skje etter fagleg nivå, kjønn eller etnisk tilhør. Klassane, basisgruppene og gruppene må ikkje vera større enn det som er pedagogisk og tryggleiksmessig forsvarleg.

Klassen eller basisgruppa skal ha ein eller fleire lærarar (kontaktlærarar) som har særleg ansvar for dei praktiske, administrative og sosialpedagogiske gjeremåla som gjeld klassen eller basisgruppa og dei elevane som er der, mellom anna kontakten med heimen.

§ 9-1. Leiing

Kvar skule skal ha ei forsvarleg fagleg, pedagogisk og administrativ leiing.

Opplæringa i skulen skal leiast av rektorar. Rektorane skal halde seg fortrulege med den daglege verksemda i skolane og arbeide for å vidareutvikle verksemda. Den som skal tilsetjast som rektor, må ha pedagogisk kompetanse og nødvendige leiareigenskapar. Rektorar kan tilsetjast på åremål.

Departementet kan etter søknad gjere unntak frå reglane i andre ledd og gi høve til andre måtar å organisere leiinga på.

§ 9-2. Rådgiving og skulebibliotek

Elevane har rett til nødvendig rådgiving om utdanning, yrkestilbod og yrkesval og om sosiale spørsmål. Departementet gir nærmare forskrifter.

Elevane skal ha tilgang til skulebibliotek. Departementet kan gi nærmare forskrifter.

§ 9-5. skuleanlegga

Kommunen skal sørge for tenlege grunnskolar.

Til vanleg bør det ikkje skipast grunnskolar med meir enn 450 elevar.

På grunnskolar og i kombinerte anlegg for skule og andre formål må det ikkje kunne serverast alkohol eller takast med alkohol til nyting under arrangement i offentleg som privat regi. I kombinerte anlegg for skule og andre formål kan det i særlege høve gjerast unntak når desse anlegga vert nytta til kulturelle og sosiale føremål utanom skuletida.

§ 9a-1. Generelle krav

Alle elevar i grunnskolar og vidaregåande skolar har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivnad og læring.

§ 9a-2. Det fysiske miljøet

Skolane skal planleggjast, byggjast, tilretteleggjast og drivast slik at det blir teke omsyn til tryggleiken, helsa, trivnaden og læringa til elevane.

Det fysiske miljøet i skulen skal vera i samsvar med dei faglege normene som fagmyndigheitene til kvar tid anbefaler. Dersom enkelte miljøtilhøve avvik frå desse normene, må skulen kunne dokumentere at miljøet likevel har tilfredsstillande verknad for helsa, trivnaden og læringa til elevane.

Alle elevar har rett til ein arbeidsplass som er tilpassa behova deira. skulen skal innreiast slik at det blir teke omsyn til dei elevane ved skulen som har funksjonshemmingar.

Dersom ein elev eller forelder, eller eit av råda eller utvala ved skulen der desse er representerte, ber om tiltak for å rette på fysiske miljøtilhøve, skal skulen snarast mogleg behandle saka etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova. Om skulen ikkje innan rimeleg tid har teke stilling til saka, vil det likevel kunne klagast etter føresegnene i forvaltningslova som om det var gjort enkeltvedtak.

§ 9a-3. Det psykososiale miljøet

skulen skal aktivt og systematisk arbeide for å fremje eit godt psykososialt miljø, der den enkelte eleven kan oppleve tryggleik og sosialt tilhør.

Dersom nokon som er tilsett ved skulen, får kunnskap eller mistanke om at ein elev blir utsett for krenkjande ord eller handlingar som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme, skal vedkommande snarast undersøkje saka og varsle skuleleiinga, og dersom det er nødvendig og mogleg, sjølv gripe direkte inn.

Dersom ein elev eller forelder ber om tiltak som vedkjem det psykososiale miljøet, deriblant tiltak mot krenkjande atferd som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme, skal skulen snarast mogleg behandle saka etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova. Om skulen ikkje innan rimeleg tid har teke stilling til saka, vil det likevel kunne klagast etter føresegnene i forvaltningslova som om det var gjort enkeltvedtak.

§ 13-6. Musikk- og kulturskuletilbod

Alle kommunar skal åleine eller i samarbeid med andre kommunar ha eit musikk- og kulturskuletilbod til barn og unge, organisert i tilknytning til skuleverket og kulturlivet elles.

§ 13-7. skulefritidsordninga

Kommunen skal ha eit tilbod om skulefritidsordning før og etter skuletid for 1.-4. årstrinn, og for barn med særskilte behov på 1.-7. årstrinn.

skulefritidsordninga skal leggja til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barna. skulefritidsordninga skal gi barna omsorg og tilsyn. Funksjonshemma barn skal givast gode utviklingsvilkår. Areal, både ute og inne, skal vera eigna for formålet.

Skulefritidsordninga skal ha vedtekter om :

- a. eigarforhold*
- b. kven som er opptaksmyndigheit*
- c. opptakskriterium*
- d. opptaksperiode og oppseiing av skulefritidsplassen*
- e. foreldrebetaling*
- f. leike- og opphaldsareal*
- g. dagleg opphaldstid og årleg opningstid*
- h. bemanning og leiing*

Når skulefritidsordninga er knytt til skolar, skal rektor til vanleg vera leiar. Departementet kan gjere unntak frå kravet.

Kommunen kan krevje utgiftene til skulefritidsordninga dekte gjennom eigenbetaling frå foreldra.

Regelen i § 10-9 første og tredje ledd gjeld for tilsetjing i skulefritidsordninga.

Kommunen kan nytta andre til å oppfylle plikta til å ha eit tilbod om skulefritidsordning, dersom dei elles oppfyller vilkåra i denne paragrafen. Kommunen fører tilsyn med private skulefritidsordningar.

Departementet kan gi nærmare forskrifter om skulefritidsordninga.

§ 13-10. Ansvarsomfang

Kommunen/fylkeskommunen og skuleeigaren for privat skule etter § 2-12 har ansvaret for at krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylte, under dette å stille til disposisjon dei ressursane som er nødvendige for at krava skal kunne oppfyllest.

Kommunen/fylkeskommunen og skuleeigaren for privat skule etter § 2-12 skal ha eit forsvarleg system for vurdering av om krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylte. Kommunen/fylkeskommunen og skuleeigaren for privat skule etter § 2-12 skal ha eit forsvarleg system for å følgja opp resultatane frå desse vurderingane og nasjonale kvalitetsvurderingar som departementet gjennomfører med heimel i § 14-1 fjerde ledd. Som ein del av oppfølgingsansvaret skal det utarbeidast ein årleg rapport om tilstanden i grunnskuleopplæringa og den vidaregåande opplæringa, knytt til læringsresultat, fråfall og læringsmiljø. Den årlege rapporten skal drøftast av skuleeigar dvs. kommunestyret, fylkestinget og den øvste leiinga ved dei private grunnskolane.

Vedlegg 2: Aktuelle lover og regelverk for skulebygg:

Departement	Lov/forskrift	Etat/tilsyn	Tema
<u>Kunnskapsdepartementet (KD)</u>	<u>Opplæringslova</u>	<u>Utdanningsdirektoratet</u> <u>Fylkesmannen</u> <u>Skulesjefen</u>	Fysisk og psykisk arbeidsmiljø for elevane.
<u>Helse- og omsorgsdepartementet (HD)</u>	<u>Lov om helsetenesta i kommunen.</u> <u>Forskrift om miljøretta helsevern</u>	<u>Helsetilsynet</u> <u>Fylkesmannen</u> <u>Det kommunale helsemyndet</u>	Fysisk og psykisk miljø for elevene. Krav til innelima, støyforhold, hygiene, lysforhold, luftkvalitet
<u>Arbeidsdepartementet (AD)</u>	<u>Arbeidsmiljølova</u> <u>Internkontrollforskrifta</u>	<u>Arbeidstilsynet</u>	Fysisk og psykisk arbeidsmiljø for tilsette
<u>Justisdepartementet (JD)</u>	<u>Sikkerhetsforskriften for lekeplassutstyr</u> <u>Lov om tilsyn med elektriske anlegg og elektrisk utstyr</u> <u>Lov om brann og eksplosjonsvern</u>	<u>Direktoratet for Samfunnssikkerhet og Beredskap (DSB)</u> <u>Kommunale brannvern</u>	Tryggleik på leikeplassar Brann og El-sikkerhet Branntryggleik
<u>Kommunal- og regionaldepartementet (KRD)</u>	<u>Kommuneloven</u> <u>Forskrift om årsbudsjett</u> <u>Forskrift om årsregnskap og årsberetning</u>	<u>Fylkesmannen</u> <u>Kommunerevisor</u>	Regnskap og forvaltning Formuesbevaring (Vedlikehold skal finansieres over driftsbudsjettet, oppgradering over investeringsbudsjettet.)
<u>Miljøverndepartementet (MD)</u>	<u>Bygningsloven (PBL)</u> <u>Teknisk forskrift (TEK)</u>	<u>Statens bygningstekniske etat (BE) Bygningmyndighetene i kommunen</u>	Bygningsteknikk (mest i samband med nybygg, ombygging og rehabilitering)

Kjelde: Rådgivingstjenesten for skuleanlegg <http://www.skuleanlegg.utdanningsdirektoratet.no/>

Vedlegg 3: Føresetnader for prognosar på elevtal fordelt på barneskular og ungdomsskular

Prognosen til og med år 2014 er basert på godkjente bustader i perioden 2007-2010. Vi reknar dermed med at dei godkjende bustadene vil bli realiserte fram mot år 2014 og at dette medfører auka folketal og elevtal i utbyggingsområda.

Frå og med 2015 til og med 2020 baserer vi oss på planlagde bustader. Dess større del av planlagde bustader eit område har, dess større elevtalsvekst får inntaksområdet. I Straumeområdet ventar vi sterkast vekst fordi det er venta ei storstilt utbygging av bustader her.

Formlane for elevtalsprognosane ved Ågotnes kan nyttast som eksempel på korleis elevtalet kan reknast i eit inntaksområde:

Fram til og med år 2014 ved elevtalsvekst.:

$$E_{\text{Ågotnes}} = E_{\text{Ågotnes10-11}} + aG \cdot dE$$

Der $E_{\text{Ågotnes}}$ er elevtal i inntaksområde Ågotnes nyttar vi her som eksempel for eit prognoseår. $E_{\text{Ågotnes10-11}}$ er elevtalet i Ågotnes i basisåret 2010-11. dE er endringa i elevtal frå basisåret 2010-11 i eit prognoseår for heile Fjell kommune. Og del godkjente bustader aG bestemmer kor stor del av samla vekst i elevtal Ågotnes får.

Når det er elevtalsnedgang for prognosane for Fjell kommune frå basisåret 2010/11, får eit område svakare nedgang desto større del godkjente bustader området har. Matematisk kan dette framstillast slik.

$$E_{\text{Ågotnes}} = E_{\text{Ågotnes10-11}} + \left[\frac{1/aG}{\sum 1/aG} \right] \cdot -dE$$

$-dE$ betyr at det er nedgang i elevtal i Fjell frå basisåret 2010-11. For Ågotnes som eksempel vil dette seie at desto større del godkjente bustader (aG) området har desto mindre vert elevtalsnedgangen i dette område. Brøken $1/a$ vert mindre desto større del godkjente bustader Ågotnes har, og dermed vert delen av elevtalsnedgangen for Fjell $-dE$ mindre desto større andel godkjente bustadar i Fjell Ågotnes har. $\bullet 1/aG$ i nemner er summen av $1/aG$ for alle

inntaksområda, slik at brøken $\left[\frac{1/aG}{\sum 1/aG} \right]$ viser andelen for Ågotnes, som vert mindre dess større del godkjente bustader a er for Ågotnes.

Det vert heilt tilsvarande for planlagte bustader, og vi treng ikkje gjennomgå dette. Kan berre kalle planlagte bustader for P og bytte ut aG med aP i formlane ovanfor.

Det bør understrekest at slike prognosar vil vere usikre. Prognosen for heile kommunen må sjåast på som langt meir sikker. For små inntaksområde vil berre at nokre barnefamiliar flyttar eller ikkje flyttar til området føre til merkbare endringar. Det er vanskeleg å prognostisere dette. Men modellen vi framstiller her vil nok seie noko om mønstret på kor dei største elevtalsendringane vil kome.

Nedanfor er tabellen over planlagte og godkjente bustadar:

	Planlagt bustadbygging fordelt på noverande inntaksområde	Talet på godkjende bueiningar per inntaksområde			2010 pr. 20.4.
		2007	2008	2009	
Ulveset	215	12	7	7	
Skålevik	200	6	2	13	1
Syltøy	20	2	1		
Algrøy	10	9	4		
Ågotnes	270	2	16	39	3
Knappskog	15	28	17	7	
Landro	180	16	16	8	
Misje	15	5	2	4	
Kolltveit	300	10	4	4	
Ekerhovd	10	2	1	2	
Tellnes	20	0	3	18	
Brattholmen	120	20	16	11	1
Liljevatnet	70	0	28	3	
Foldnes	6	30	10	13	4
Bjørøy	90	22	3	9	2
Hjelteryggen	0	1	0	4	2
Straume	2400			50	
Sum	3941	165	130	192	13

Tabellen og føresetnadene gjev dei tabellane som er framstilt for barneskulen i kapittel 5.7.2 og for ungdomsskulen i kapittel 5.7.3.

Fotnotar

1 Hattie, J (2009): Visible learning. A synthesis of over 800 metaanalyses relating to achievement.

Nordenbo m.fl (2008, Dansk Clearinghouse): Metaanalyse 70 studier : Hvilken kompetanse hos lærere kan gjennom effektstudier bidra til læring hos barn og unge? Nordahl m.fl. (2009): Livet i skulen

2 Manger 2010

3 Kellam m.fl 1998, Petras 2004, Manger 2010

4 Kjelde for dette kapitlet er: Nilsen Sverre Konrad, Siri Mordal. Kvalitet i skulen i Fjell kommune. Sintef. Trondheim 2009.

5 Nilsen Sverre Konrad, Siri Mordal. Kvalitet i skulen i Fjell kommune. Sintef. Trondheim 2009.

6 Kjelde: Vox.no og St meld 16 (2006-2007).